

Møteinnkalling

Utval:	Valnemnda
Møtestad:	,Digitalt
Dato:	13.12.2021
Tid:	12:00

Valnemnda vil i møte behandle saker og val som ikkje vart behandla i møte 8.desember.

Lenke for oppkobling er sendt i møteinnkallingen i Outlook.

Oppmodar om at avklaring om habilitet vert meldt i forkant av møtet.

Melding om forfall:

Alle medlemer har fått tilsendt ein e-post kor det vert forklart korleis forfall kan registrerast.

Innkallinga gjeld valde medlemer i Valnemnda. Ved eventuelt forfall frå faste medlemer vil varamedlemer bli kalla inn særskilt.

Natalia A. Golis

Utvalsleiar

Saksliste

Utvals- saksnr	Innhald	Arkiv- saksnr	U.Off
	Godkjenningssaker		
GK 11/21	Godkjenning av møteinnkalling og sakliste		
	Politiske saker		
PS 32/21	Val av nye varamedlem til trafikktryggingsutvalet	2021/49935	
PS 33/21	Korrigerings av varamedlemslister til fylkesutvalet	2021/49935	
PS 34/21	Val av medlem og varamedlem til folkevalde organ	2021/49935	
PS 35/21	Søknad om fritak for verv som første varamedlem i fylkesutvalet - Jenny Følling (Sp)	2021/49935	
PS 36/21	Val av setjemedlem i samband med midlertidig fritak for Aleksander Øren Heen	2021/49935	
PS 37/21	Nominering eller val av medlemmer til ulike styre, nemnder, o.l.	2019/11	
PS 38/21	Val av styret til Fagskulen Vestland	2021/54477	
PS 39/21	Fylkeskommunale styremedlemmer i frittstående vidaregåande skular	2021/54774	
PS 40/21	Kandidatinnspel til styret i Innovasjon Norge	2019/11	
PS 41/21	Søknad om fritak for verv som varamedlem i fylkestinget - Torill Frøise (R)	2021/49935	
PS 42/21	Val av nye elev- og lærlingrepresentantar til yrkesopplæringsnemnda	2021/49935	
PS 43/21	Søknad om fritak frå verv som varamedlem i valnemnda - Jon Askeland (Sp)	2021/49935	

Godkjenningssaker
GK 11/21 Godkjenning av møteinnkalling og sakliste

Saksnr: 2021/49935-1
Saksbehandlar: Petter Lem Gullestad

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Valnemnda	20/21	08.12.2021
Valnemnda	32/21	13.12.2021
Fylkestinget	139/21	15.12.2021

Val av nye varamedlem til trafikktryggingsutvalet

Forslag til innstilling

1. Fylkestinget gjer slike suppleringsval av varamedlem til trafikktryggingsutvalet:

Faste medlem	Varamedlem
Jannicke Bergesen Clarke, A	1. Per Jarle Valvatne, A 2. 3.
Mette Heidi Bergsvåg Ekrheim, Sp Sigurd Erlend Reksnes, Sp	1. Jenny Følling, Sp/ Kristina Vakt skjold Hamre, Krf 2. Jenny Følling, Sp/ Kristina Vakt skjold Hamre, Krf 3. 4.
Marthe Hammer, SV	1. Mona Høgli, MDG 2. 3.
Hanne Eva Husebø Kristensen, H	1. Gunnar Moland, H 2. 3.
Morten Klementsén, UA	1. Leif Fjellro, UA 2. 3.
Bjarte Vatnøy, Frp	1. Anita Garlid Johannessen, Frp 2. 3.

Saksprotokoll i valnemnda - 08.12.2021

Gruppene la fram slike forslag:

1. Fylkestinget gjer suppleringsval av varamedlem til trafikktryggingsutvalet slik at samansetnaden vert slik:

Jannicke Bergesen Clarke (A)

1. Per Jarle Valvatne (A)
2. Katrine Johannessen (A)
3. Arve Helle (A)

Mette Heidi Bergsvåg Ekrheim (Sp)

Sigurd Erlend Reksnes (Sp)

1. Jenny Følling (Sp)
2. Kristina Vaktskjold Hamre (Krf)
3. Samson Hamre (Sp)
4. Jon Olav Økland (Krf)

Marthe Hammer (SV)

1. Mona Høgli (MDG)
2. Åsmund Berthelsen (SV)
3. Pauline Tomren (MDG)

Hanne Eva Husebø Kristensen (H)

1. Gunnar Moland (H)
2. Silja Ekeland Bjørkly (H)
3. Karl Vågstøl (H)

Morten Klementsens (UA)

1. Leif Fjellro (UA)
2. Christian Rolland (FNB)
3. Frank Ulvenes (FNB)

Bjarte Vatnøy (Frp)

1. Anita Garlid Johannessen (Frp)
2. Rosalind Fosse (Frp)
3. Gustav Bahus (Frp)

Avrøysting

Forslaga vart samrøystes vedteke.

Innstilling til fylkestinget

1. Fylkestinget gjer suppleringsval av varamedlem til trafikktryggingsutvalet slik at samansetnaden vert slik:

Jannicke Bergesen Clarke (A)

1. Per Jarle Valvatne (A)
2. Katrine Johannessen (A)
3. Arve Helle (A)

Mette Heidi Bergsvåg Ekrheim (Sp)

Sigurd Erlend Reksnes (Sp)

1. Jenny Følling (Sp)
2. Kristina Vaktskjold Hamre (Krf)
3. Samson Hamre (Sp)
4. Jon Olav Økland (Krf)

Marthe Hammer (SV)

1. Mona Høgli (MDG)
2. Åsmund Berthelsen (SV)
3. Pauline Tomren (MDG)

Hanne Eva Husebø Kristensen (H)

1. Gunnar Moland (H)
2. Silja Ekeland Bjørkly (H)
3. Karl Vågstøl (H)

Morten Klementsén (UA)

1. Leif Fjellro (UA)
2. Christian Rolland (FNB)
3. Frank Ulvenes (FNB)

Bjarte Vatnøy (Frp)

1. Anita Garlid Johannessen (Frp)
2. Rosalind Fosse (Frp)
3. Gustav Bahus (Frp)

Samandrag

Til møta i trafikktryggingsutvalet har utvalet fleire gonger ikkje vore fulltalige. Lista over varamedlem til utvalet er lite fleksibel. Fylkesdirektøren legg med dette til rette for korrigerings/suppleringsval av varamedlemer til utvalet.

Rune Haugsdal
fylkesdirektør

Ingrid Kristine Holm Svendsen
avdelingsdirektør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Ved konstituering av fylkestinget i oktober 2019, vart det gjort slikt avtaleval for trafikktryggingsutvalet:

Faste medlemer	Personlege varamedlemer
Jannicke Bergesen Clarke, A	Per Jarle Valvatne, A
Mette Heidi Bergsvåg Ekrheim, Sp	Jenny Følling, Sp
Sigurd Erlend Reksnes, Sp	Kristina Vakt skjold Hamre, KrF
Marthe Hammer, SV	Mona Høgli, MDG
Hanne Eva Husebø Kristensen, H	Gunnar Moland, H
Morten Klementsens, FNB	Leif Fjellro, FNB
Bjarte Vatnøy, Frp	Anita Garlid Johannessen, Frp

 Leiar: Jannicke Bergesen Clarke, A
 Nestleiar: Marthe Hammer, SV

Trafikktryggingsutvalet er samansett av 7 medlem med varamedlem. Utvalet har fleire gonger ikkje vore fulltalig. Til møte 4. oktober 2021 innebar fleire forfall at utvalet ikkje var vedtaksfør, og møtet vart utsett. Fylkesdirektøren ser det naudsynt med suppleringsval av nye varamedlem til utvalet.

Vedtakskompetanse

Fylkestinget gjer val og suppleringsval av medlem og varamedlem til folkevalde organ, jf. medleamar jf. Reglement for fylkestinget punkt 2.4.3.

Valnemnda gjev innstilling i saker om val, der avgjerda om valet ligg til fylkestinget, jf. Reglement for valnemnda.

Fylkesdirektøren sine vurderingar

Av kommunelova § 7-7 (2) om avtaleval følger:

«Antall varamedlemmer kan være inntil to flere enn de faste medlemmene fra partiet eller gruppen. Innstillingen vedtas enstemmig av kommunestyret eller fylkestinget.»

Av kommunelova § 7-10 (6) følger (fylkesdirektør si kursivering):

«Hvis antallet varamedlemmer eller en gruppes *varamedlemmer til formannskapet, fylkesutvalget eller et annet folkevalgt organ som er valgt av kommunestyret eller fylkestinget, er blitt for lavt*, kan kommunestyret eller fylkestinget selv velge ett eller flere faste eller midlertidige varamedlemmer. Disse varamedlemmene *skal velges fra den gruppen som har et for lavt antall varamedlemmer (suppleringsvalg)*. Hvis det viser seg at denne framgangsmåten fører til at ett kjønn vil bli representert med mindre enn 40 prosent av varamedlemmene til organet eller gruppens varamedlemmer, skal det, hvis det er mulig, velges nytt varamedlem fra det underrepresenterte kjønn. Formannskapet eller fylkesutvalget kan få delegert myndighet til å velge varamedlemmer til andre organer.»

Av kommunelova § 7-10 (7) følger (fylkesdirektør si kursivering):

«Ved nyvalg etter fjerde ledd og suppleringsvalg etter sjette ledd kan gruppen selv foreslå hvem som skal velges. Gruppen informerer deretter kommunestyret, formannskapet, fylkestinget eller fylkesutvalget, som velger den foreslåtte kandidaten hvis de lovbestemte vilkårene er oppfylt. Ved nyvalg etter fjerde ledd rykker det nye medlemmet eller

varamedlemmet inn på den ledige plassen. *Ved suppleringsvalg etter sjettede ledd skal det nyvalgte varamedlemmet plasseres nederst på listen over varamedlemmer.»*

Fylkesdirektøren legg med dette fram løysing for korleis fylkestinget kan korrigerer/gjere nyval av varamedlem til trafikktryggingsutvalet. Fylkesdirektøren har lagt til grunn at valde medlem og varamedlem framleis skal inneha verva. Fylkesdirektøren legg fram ei løysing som best harmonerer med opphavelag samansetnad.

Faste medlem	Varamedlem
Jannicke Bergesen Clarke, A	1. Per Jarle Valvatne, A 2. 3.
Mette Heidi Bergsvåg Ekrheim, Sp Sigurd Erlend Reksnes, Sp	1. Jenny Følling, Sp/ Kristina Vakt skjold Hamre, Krf 2. Jenny Følling, Sp/ Kristina Vakt skjold Hamre, Krf 3. 4.
Marthe Hammer, SV	1. Mona Høgli, MDG 2. 3.
Hanne Eva Husebø Kristensen, H	1. Gunnar Moland, H 2. 3.
Morten Klementsens, UA	1. Leif Fjellro, UA 2. 3.
Bjarte Vatnøy, Frp	1. Anita Garlid Johannessen, Frp 2. 3.

Forklaring

Partia utgjør eigne grupper med medlem og varamedlem, med desse unntaka:

Senterpartiet og Krf utgjør ei gruppe. Gruppa må sjølv sortere rekkefølge når det gjeld første og andre varamedlem.

SV og MDG utgjør ei gruppe.

Alle gruppene peiker ut nye varamedlem nedst på respektive varamedlemslister. Morten Klementsens og Leif Fjellro var opphavelag del av partiet FNB. Nye varamedlem for denne gruppa vert peika ut av den opphavelage gruppa (FNB og UA samla).

Konklusjon

Fylkestinget korrigerer/gjer suppleringsval av varamedlem til trafikktryggingsutvalet i tråd med løysinga fylkesdirektøren har lagt fram.

Saksnr: 2021/49935-2
Saksbehandlar: Petter Lem Gullestad

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Valnemnda	21/21	08.12.2021
Valnemnda	33/21	13.12.2021
Fylkestinget	140/21	15.12.2021

Korrigerering av varamedlemslister til fylkesutvalet

Forslag til innstilling

1. Fylkestinget korrigerer varamedlemslistene til fylkesutvalet slik:
2. Som ny varamedlem vert vald:

Saksprotokoll i valnemnda - 08.12.2021

Natalia Golis (MDG) sette fram slikt forslag:

«Saka vert utsett.»

Avrøysting

Golis sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Saka vert utsett.

Samandrag

Fylkesdirektøren har funne at varamedlemslistene til fylkesutvalet ikkje har ein samansetnad i tråd med kommunelova sine føresegner. Fylkesdirektøren legg med denne saka til rette for at fylkestinget kan korrigerare feilaktige val. Det er fylkestinget sjølv som tek avgjerd om korleis feilaktige val skal rettast opp.

Samansetnad i finansutvalet og fylkesvalstyret er samanfallande med fylkesutvalet, jf. reglement for respektive organ. Korrigereringer og val til fylkesutvalet vil difor òg gjelde for finansutvalet og fylkesvalstyret.

Rune Haugsdal
fylkesdirektør

Ingrid Kristine Holm Svendsen
avdelingsdirektør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

I samband med utgreiingar kring val av ny medlem i fylkesutvalet etter Alfred Bjørlo sin uttrede, har fylkesdirektøren vorte merksam på at varamedlemslistene til fylkesutvalet ikkje har ein samansetnad i tråd med føresegnene i kommunelova. Fylkesdirektøren legg med denne saka til rette for at fylkestinget korrigerer feilaktige val.

Vedtakskompetanse

Fylkestinget vel fylkesutval, jf. kommunelova § 5-6 (1). Fylkestinget har mynde til å korrigere feilaktige val.

Valnemnda gir innstilling i saker om val der avgjerda ligg til fylkestinget, jf. reglement for valnemnda punkt 2.

Fylkesdirektøren sine vurderingar

Av kommunelova § 7-7 (2) følger om avtaleval:

«Valget gjennomføres på grunnlag av en innstilling med forslag til medlemmer og varamedlemmer. Innstillingen skal inneholde like mange navn som det skal velges medlemmer, og det skal angis hvilket parti eller hvilken gruppe medlemmene representerer. Innstillingen kan også inneholde navn på varamedlemmer for hvert parti eller hver gruppe. Antall varamedlemmer kan være inntil to flere enn de faste medlemmene fra partiet eller gruppen. Innstillingen vedtas enstemmig av kommunestyret eller fylkestinget.»

Det følger av lova at innstillinga skal angi *hvilket* parti eller *hvilken* gruppe medlemene representerer, og at namn på varamedlemmer skal vere lista opp for *hvert* parti eller *hver* gruppe. Lova opnar ikkje for at medlem frå same parti kan vere representert inn i fleire grupper.

I fylkesutvalet (og finansutvalet og fylkesvalstyret) er situasjonen slik:

MDG har ein medlem (Golis) og tre varamedlem til denne medlemen.

Senterpartiet har to medlem (Askeland og Øren Heen (midlertidig fritak)) og fire varamedlem til desse to medlemene.

Krf har ein medlem (Brosvik). Varamedlemslista til denne medlemen ser slik ut:

1. Tor André Ljosland (Krf)
2. Kristina Vakt skjold Hamre (Krf)
3. Sigurd Erlend Reksnes (Sp)

Venstre har ein medlem (Andersland). Varamedlemslista til denne medlemen ser slik ut:

1. Ledig verv (tidlegare besett av V)
2. Mette Heidi Bergsvåg Ekrheim (Sp)
3. Øyvind Strømmen (MDG)

MDG og Sp er representert inn i to ulike grupperingar, ei «rein» gruppe for partiet, og ei gruppe der andre partier òg er representert. Fylkesdirektøren si vurdering er at dette ikkje er i tråd med kommunelova § 7-7 (2).

Om verknaden av feilaktige val, har kommunal- og moderniseringsdepartementet gjeve slik tolkingssuttale datert 23.04.2020

«.....

I *Konstitueringsrundskrivet 2015* (H-12/15) heter det i pkt. 2.8:

Eit feilaktig val skal berre kjennast ugyldig så langt det er naudsynt for å rette den feilen som er gjort(...).

Sitatet knytter seg direkte til situasjoner hvor det er avholdt valg til folkevalgte organer i strid med bestemmelsene om krav til representasjon av begge kjønn. Det er likevel grunn til å tro at det samme prinsippet får anvendelse uavhengig av hvilke feil som er begått ved valget eller valgoppgjøret til et folkevalgt organ.»

Departementet kan ikke ta konkret stilling til hva som er nødvendig for å rette feilen i de tilfellene som innsenderen viser til. Dette er det først og fremst opp til kommunestyret å vurdere.»

Av uttalen følger at det berre er naudsynt å korrigere val av varamedlem til fylkesutvalet så langt feilen strekk seg. I høve Krf sin medlem med varamedlemsliste, er ei mogleg korrigerende av feilaktig val å stryke varamedlem nr. 3, Sigurd Reksnes (Sp).

I høve Venstre sin medlem med varamedlem, er ei mogleg korrigerende av feilaktig val at varamedlem nr. 2 (Bergsvåg Ekrheim (Sp)) og 3 (Strømmen (MDG)) vert stroke frå lista. Det er ingenting i vegen for at det berre er ein varamedlem att frå Venstre, jf. kommunelova § 7-7 (2):

«Antall varamedlemmer kan være inntil to flere enn de faste medlemmene fra partiet eller gruppen.» (fylkesdirektør si understreking)

Det vil ikkje vere mogleg å velje ytterlegare varamedlem frå Venstre, då partiet berre har to fylkestingsrepresentantar. Dette følger av kommunelova § 5-6 (2):

«Medlemmer og varamedlemmer til formannskapet og fylkesutvalget velges for fire år av og blant medlemmene av kommunestyret eller fylkestinget.»

Alternativt må ein sjå Venstre og Sp eller Venstre og MDG som ei gruppe. Under har fylkesdirektøren sett opp eit døme der MDG og Venstre utgjer ei gruppe for å illustrere. Fylkesdirektøren vil streke under at han ikkje tek stilling til innbyrdes rekkjefølge mellom Sp eller MDG si eksisterande varamedlemsliste og varamedlem (her sett opp som nr. 5) frå lista over varamedlemmer til Andersland. Døme:

Gruppe MDG og Venstre

Medlem	Varamedlem
Natalia Golis (MDG) Geir Kjell Andersland (V)	<ol style="list-style-type: none"> 1. Mark Taylor (MDG) 2. Pauline Tomren (MDG) 3. Mona Høgli (MDG) 4. Ledig verv (V/MDG)

Val av ny varamedlem

Det er ein ledig plass som varamedlem i fylkesutvalet. Det er gruppa som foreslår varamedlem frå den same gruppa som medlemen som har trådt ut høyrde til, jf. kommunelova § 7-10 (4) jf. (6). Val av varamedlem er altså avhengig av om Venstre skal vere ei «rein» gruppe, eller om Venstre skal vere i gruppe med anten Sp eller MDG, sjå drøft over.

Konklusjon

Fylkestinget korrigerer feilaktige val av varamedlemslister innanfor handlingsrommet presentert i saksframlegget. Fylkestinget vel ein ny varamedlem.

Saksnr: 2021/49935-3
Saksbehandlar: Petter Lem Gullestad

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Valnemnda	22/21	08.12.2021
Valnemnda	34/21	13.12.2021
Fylkestinget	141/21	15.12.2021

Val av medlem og varamedlem til folkevalde organ

Forslag til innstilling

1. Som ny medlem frå Arbeiderpartiet til hovudutval for samferdsel og mobilitet vert vald:
2. Som ny medlem frå Arbeiderpartiet til hovudutval for næring vert vald:
3. Som ny medlem frå Venstre til hovudutval for næring vert vald:
4. Som ny første varamedlem frå Venstre til valnemnda vert vald:
5. Som ny andre varamedlem frå Venstre til valnemnda vert vald:
6. Som ny første varamedlem frå Arbeiderpartiet til fylkesutvalet, finansutvalet og fylkesvalstyret vert vald:
7. Som ny fjerde varamedlem frå Arbeiderpartiet til fylkesutvalet, finansutvalet og fylkesvalstyret vert vald:

Saksprotokoll i valnemnda - 08.12.2021

Natalia Golis (MDG) sette fram slikt forslag:

«Saka vert utsett.»

Avrøysting

Golis sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Saka vert utsett.

Samandrag

Fylkestinget innvilga i september varig fritak for deira verv som folkevald for høvesvis Torbjørn Vereide, Linda Merkesdal og Alfred Bjørlo. Val av nye medlem og varamedlem til ledige plassar vart utsett.

Fylkesdirektøren legg med denne saka til rette for val av nye medlem og varamedlem til ledige plassar.

Rune Haugsdal
fylkesdirektør

Ingrid Kristine Holm Svendsen
avdelingsdirektør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Fylkestinget innvilga i september varig fritak for deira verv som folkevald for Torbjørn Vereide, Linda Merkesdal og Alfred Bjørlo. Val av nye medlem og varamedlem til ledige plassar vart utsett. Fylkesdirektøren legg med denne saka til rette for val av nye medlem og varamedlem til ledige plassar.

Vedtakskompetanse

Fylkestinget gjer val og suppleringsval til folkevalde organ, jf. reglement for fylkestinget punkt 2.4.

Fylkesdirektøren sine vurderingar

I fylkestinget sitt møte 29. september 2021 vart følgjande innvilga varig fritak frå sine verv som folkevalde i Vestland fylkeskommune:

- Torbjørn Vereide (A)
- Linda Merkesdal (A)
- Alfred Bjørlo (V)

Rettslege utgangspunkt

Av kommunelova § 7-10 (4) følger:

«Hvis et medlem eller varamedlem av et annet folkevalgt organ enn kommunestyre, fylkesting, kommunestyrekomité eller fylkestingskomité trer endelig ut, skal det velges et nytt medlem eller varamedlem. Det nye medlemmet skal velges fra den samme gruppen som det uttreddende medlemmet tilhørte. Hvis dette vil føre til at ett kjønn vil bli representert med mindre enn 40 prosent av medlemmene i organet, skal det, hvis det er mulig, velges et nytt medlem fra det underrepresenterte kjønnnet.»

Av kommunelova § 7-10 (7) følger:

«Ved nyvalg etter fjerde ledd og suppleringsvalg etter sjette ledd kan gruppen selv foreslå hvem som skal velges. Gruppen informerer deretter kommunestyret, formannskapet, fylkestinget eller fylkesutvalget, som velger den foreslåtte kandidaten hvis de lovbestemte vilkårene er oppfylt. Ved nyvalg etter fjerde ledd rykker det nye medlemmet eller varamedlemmet inn på den ledige plassen. Ved suppleringsvalg etter sjette ledd skal det nyvalgte varamedlemmet plasseres nederst på listen over varamedlemmer.»

Fylkesdirektøren gjer merksam på at det i føreliggjande sak skal gjerast nyval for alle ledige verv, der ny medlem/varamedlem skal inn på ledig plass. Fylkesdirektøren gjer merksam på at det sjølvstøtt er mogleg å velje ein varamedlem til medlem ved nyval, og det er òg mogleg å velje til dømes ein varamedlem nr. 2 til ledig plass som varamedlem nr. 1. I så fall skal det gjerast nyval for varamedlemsplass som då vert ledig.

Prinsipp om gjennomgåande representasjon i Vestland fylkeskommune

Fylkestinget har vedteke prinsipp om gjennomgåande representasjon i hovudutvala i reglement for folkevalde organ og delegering, under samansetnad for hovudutvala:

«Medlemene skal veljast mellom fylkestinget sine medlemmer.»

Fylkesdirektøren gjer merksam på at dette prinsippet ikkje følger av kommunelova, men er innarbeidd i reglementet av fylkestinget sjølv. Kommunelova sine føresegner går føre internt reglement ved ei eventuell konflikt. Det inneber at gruppa står fri til å peike på den kandidaten dei vil, jf. kommunelova 7-10 (4), jf. (7). Fylkestinget må velje den føreslegne kandidaten dersom lovbestemte vilkår er oppfylt, jf. § 7-10 (7).

Val av nye medlem til hovudutval for næring

Torbjørn Vereide (A) og Alfred Bjørlo (V) har fått varig fritak frå sine verv som medlem i hovudutval for næring.

Det er her tale om nyval, med val av nye medlem. Respektive grupper, høvesvis Arbeiderpartiet og Venstre, foreslår sjølv kvar sin nye medlem.

I hovudutval for næring innebar tidlegare val av Alfred Bjørlo (V) at kravet i kommunelova om kjønnsbalanse ikkje vart oppfylt (5 kvinner, 10 menn). Fylkesdirektøren vart først merksam på dette i etterkant av valet. Når det no skal veljast to nye medlem til utvalet, skal ein av desse vere kvinne.

Val av ny medlem til hovudutval for samferdsel og mobilitet

Linda Merkesdal (A) har fått varig fritak frå sitt verv som medlem i hovudutval for samferdsel og mobilitet.

Det er her tale om nyval, med val av ny medlem. Arbeiderpartiet foreslår sjølv ny medlem.

Val av nye varamedlem til valnemnda

I og med varig fritak for Gunhild Berge Stang (V) og Alfred Bjørlo (V), samt fylkestinget sitt val av Geir Kjell Andersland (V) som ny medlem i valnemnda, har Venstre ledige plassar som første og andre varamedlem i valnemnda.

Det er her tale om nyval, der nye varamedlem vert plassert på ledige plassar. Venstre foreslår sjølv nye varamedlem.

Val av nye varamedlem til fylkesutvalet, finansutvalet og fylkesvalstyret

Ved fylkestinget sitt vedtak 29.09.2021 vart Nina Bognøy (A) vald som ny setjemedlem for Emil Gadolin. Formelt skulle Bognøy først vorte vald som ny første varamedlem etter Vereide sin uttreden. Fylkesdirektøren legg her opp til at fylkestinget formelt gjer val av ny første varamedlem. Val av Bognøy som første varamedlem inneber at verv som andre varamedlem vert ledig.

Det er dessutan ledig plass som fjerde varamedlem etter Linda Merkesdal sin uttreden.

Det er her tale om nyval, der nye varamedlem vert plassert på ledige plassar. Arbeiderpartiet foreslår sjølv nye varamedlem. Dei to nye varamedlemene må veljast blant medlemene til fylkestinget, jf. kommunelova § 5-6 (2):

«Medlemmer og varamedlemmer til formannskapet og fylkesutvalget velges for fire år av og blant medlemmene av kommunestyret eller fylkestinget.»

Konklusjon

Respektive grupper (parti) foreslår nye medlem/varamedlem innan rammene fylkesdirektøren har gjeve. Fylkestinget vel dei føreslegne medlemene dersom lovbestemte vilkår er oppfylt.

Saksnr: 2021/49935-9
Saksbehandlar: Petter Lem Gullestad

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Valnemnda	23/21	08.12.2021
Valnemnda	35/21	13.12.2021
Fylkestinget	142/21	15.12.2021

Søknad om fritak for verv som første varamedlem i fylkesutvalet - Jenny Følling (Sp)

Forslag til innstilling

1. Jenny Følling vert innvilga fritak for sine verv som første varamedlem i fylkesutvalet, finansutvalet og fylkesvalstyret. Fritaket gjeld ut valperioden.
2. Som ny første varamedlem frå Senterpartiet i fylkesutvalet, finansutvalet og fylkesvalstyret vert vald:
3. Som ny midlertidig varamedlem frå Senterpartiet i fylkesutvalet, finansutvalet og fylkesvalstyret vert vald:

Saksprotokoll i valnemnda - 08.12.2021**Natalia Golis (MDG) sette fram slikt forslag:**

- «1. Jenny Følling vert innvilga fritak for sine verv som første varamedlem i fylkesutvalet, finansutvalet og fylkesvalstyret. Fritaket gjeld ut valperioden.
2. Som ny første varamedlem frå Senterpartiet i fylkesutvalet, finansutvalet og fylkesvalstyret vert vald: Valet vert utsett.
3. Som ny midlertidig varamedlem frå Senterpartiet i fylkesutvalet, finansutvalet og fylkesvalstyret vert vald: Valet vert utsett.»

Avrøysting

Golis sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak/innstilling til fylkestinget

1. Jenny Følling vert innvilga fritak for sine verv som første varamedlem i fylkesutvalet, finansutvalet og fylkesvalstyret. Fritaket gjeld ut valperioden.

2. Som ny første varamedlem frå Senterpartiet i fylkesutvalet, finansutvalet og fylkesvalstyret vert vald: Valet vert utsett.

3. Som ny midlertidig varamedlem frå Senterpartiet i fylkesutvalet, finansutvalet og fylkesvalstyret vert vald: Valet vert utsett.

Samandrag

Jenny Følling (Sp) har søkt om fritak for sine verv som første varamedlem i fylkesutvalet, finansutvalet og fylkesvalstyret. Søknaden er grunngjeve med hennar totale arbeidsbelastning. Fylkesdirektøren finn at vilkåret for fritak er oppfylt, og rår til at søknaden vert innvilga. Fylkesdirektøren legg til rette for val av ny første varamedlem og midlertidig varamedlem til fylkesutvalet, finansutvalet og fylkesvalstyret.

Rune Haugsdal
fylkesdirektør

Ingrid Kristine Holm Svendsen
avdelingsdirektør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Jenny Følling (Sp) har i e-post datert 26.11.2021 sendt inn slik søknad:

«Søknad om fritak for vervet som 1. vara i fylkesutvalet, finansutvalet og fylkesvalstyret.

I samband med at representanten Aleksander Øren Heen (Sp) har søkt om permisjon frå sine verv i Vestland Fylkeskommune, vil eg i praksis verte kalla inn som fast møtande i fylkesutvalet. I samband med at eg vart vald som ordførar i Sunnfjord kommune den 28. oktober i år, og den totale arbeidsbelastninga, så vil det ikkje la seg kombinere med å sitte i fylkesutvalet. Eg søker derfor om fritak for vervet som 1. vara i fylkesutvalet, finansutvalet og fylkesvalstyret ut valperioden.»

Vedtakskompetanse

Fylkestinget avgjer fritakssøknader, jf. kommunelova § 7-9 (2).

Fylkestinget gjer val og suppleringsval av medlemmer og varamedlemmer til folkevalde organ, jf. reglement for fylkestinget punkt 2.4.3.

Valnemnda gir innstilling i saker som gjeld fritakssøknader, jf. reglement for valnemnda punkt 2. Valnemnda gir innstilling i saker om val der avgjerda om valet ligg til fylkestinget, jf. reglement for valnemnda punkt 2.

Fylkesdirektøren sine vurderingar

Søknad om fritak

Av kommunelova § 7-9 (2) følger:

«Hvis en folkevalgt ikke kan ivareta vervet sitt uten at det fører til vesentlig ulempe for han eller henne, kan kommunestyret eller fylkestinget etter søknad frita den folkevalgte for vervet midlertidig eller for resten av valgperioden. Når søknaden vurderes, skal det legges vekt på om grunnlaget for søknaden var kjent på det tidspunktet da den folkevalgte samtykket i å bli valgt.»

Følling har grunngeve søknaden med si totale arbeidsbelastning. Følling vart vald som ny ordførar i Sunnfjord kommune 28. oktober 2021.

Ved fylkesutvalet sitt vedtak 28. oktober 2021 vart Aleksander Øren Heen (Sp) innvilga midlertidig fritak for sine verv i mellom anna fylkesutvalet, finansutvalet og fylkesvalstyret. Dette inneber at Følling vil verte kalla inn til kvart møte i respektive utval. Møteplikta i kommunelova § 8-1 gjeld for medlem so vel som varamedlem, sjølv sagt med opning for gyldig forfall. Fylkesdirektøren viser til at arbeidsmengda i fylkesutvalet er stor, noko godtgjerslereglementet er eit uttrykk for.

Fylkesdirektøren viser til at omstenda som grunngeve søknaden ikkje var kjende for Følling då ho samtykka i å stille til val for Senterpartiet til fylkestingsvalet. Fylkesdirektøren finn at det vil vere vesentleg til ulempe for Følling om fritak ikkje vert gjeve, og finn at vilkåret for fritak er oppfylt.

Val av ny første varamedlem frå Senterpartiet til fylkesutvalet, finansutvalet og fylkesvalstyret

Av kommunelova § 7-10 (4) følger:

«Hvis et medlem eller varamedlem av et annet folkevalgt organ enn kommunestyre, fylkesting, kommunestyrekomité eller fylkestingskomité trer endelig ut, skal det velges et nytt medlem eller varamedlem. Det nye medlemmet skal velges fra den samme gruppen som det uttrede medlemmet tilhørte. Hvis dette vil føre til at ett kjønn vil bli representert med mindre enn 40 prosent av medlemmene i organet, skal det, hvis det er mulig, velges et nytt medlem fra det underrepresenterte kjønnnet.»

Av kommunelova § 7-10 (7) følger:

«Ved nyvalg etter fjerde ledd og suppleringsvalg etter sjetten ledd kan gruppen selv foreslå hvem som skal velges. Gruppen informerer deretter kommunestyret, formannskapet, fylkestinget eller fylkesutvalget, som velger den foreslåtte kandidaten hvis de lovbestemte vilkårene er oppfylt. Ved nyvalg etter fjerde ledd rykker det nye medlemmet eller varamedlemmet inn på den ledige plassen.»

Av dette følger at gruppa (Senterpartiet) foreslår ny varamedlem til ledig plass som første varamedlem. Dersom gruppa vel første varamedlem frå eksisterande varaliste, må det gjerast nyval for ledig(e) plass(ar).

Fylkesdirektøren gjer merksam på at han i eiga sak har lagt til rette for val av setjemedlem i fylkesutvalet, finansutvalet og fylkesvalstyret. Den som i saka her vert vald som første varamedlem, vil verte vald som setjemedlem (under føresetnad av at fylkestinget vel slik setjemedlem).

Val av midlertidig varamedlem frå Senterpartiet til fylkesutvalet, finansutvalet og fylkesvalstyret

Av kommunelova § 7-10 (6) følger:

«Hvis antallet varamedlemmer eller en gruppes varamedlemmer til formannskapet, fylkesutvalget eller et annet folkevalgt organ som er valgt av kommunestyret eller fylkestinget, er blitt for lavt, kan kommunestyret eller fylkestinget selv velge ett eller flere faste eller midlertidige varamedlemmer. Disse varamedlemmene skal velges fra den gruppen som har et for lavt antall varamedlemmer (suppleringsvalg).»

I og med Øren Heen sitt potensielt langvarige fritak, legg fylkesdirektøren til rette for val av midlertidig varamedlem. Ein midlertidig varamedlem skal nedst på lista over varamedlem, jf. kommunelova § 7-10 (7):

«Ved suppleringsvalg etter sjetten ledd skal det nyvalgte varamedlemmet plasseres nederst på listen over varamedlemmer.»

Gruppa (Sp) foreslår sjølv midlertidig varamedlem.

Av kommunelova § 5-6 (2) følger at medlem og varamedlem til fylkesutvalet skal vere vald blant medlemmene av fylkestinget.

Konklusjon

Vilkåret for fritak er oppfylt, og fylkesdirektøren rår til at søknaden vert innvilga. Fylkestinget gjer val av ny første varamedlem og midlertidig varamedlem i tråd med handlingsrommet presentert i saksframlegget.

Saksnr: 2021/49935-5
Saksbehandlar: Petter Lem Gullestad

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Valnemnda	24/21	08.12.2021
Valnemnda	36/21	13.12.2021
Fylkestinget	144/21	15.12.2021

Val av setjemedlem i samband med midlertidig fritak for Aleksander Øren Heen

Forslag til innstilling

1. Som setjemedlem til fylkesutvalet, finansutvalet og fylkesvalstyret vert vald:
2. Som setjemedlem til hovudutval for næring vert vald: Erlend Haugen Herstad
3. Som setjemedlem til valnemnda vert vald: Jon Askeland
4. Som ny medlem til arbeidsutval delegeringsreglement vert vald:
5. Som ny midlertidig varamedlem til Vestlandsrådet vert vald:

Saksprotokoll i valnemnda - 08.12.2021**Natalia Golis (MDG) sette fram slikt forslag:**

- «1. Som setjemedlem til fylkesutvalet, finansutvalet og fylkesvalstyret vert vald: Valet vert utsett.
2. Som setjemedlem til hovudutval for næring vert vald: Valet vert utsett.
3. Som setjemedlem til valnemnda vert vald: Valet vert utsett.
4. Som ny medlem til arbeidsutval delegeringsreglement vert vald: Gunn Åmdal Mongstad.
5. Som ny midlertidig varamedlem til Vestlandsrådet vert vald: Valet vert utsett.»

Avrøysting

Golis sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak/innstilling til fylkestinget

1. Som setjemedlem til fylkesutvalet, finansutvalet og fylkesvalstyret vert vald: Valet vert utsett.
2. Som setjemedlem til hovudutval for næring vert vald: Valet vert utsett.

3. Som setjemedlem til valnemnda vert vald: Valet vert utsett.
4. Som ny medlem til arbeidsutval delegeringsreglement vert vald: Gunn Åmdal Mongstad.
5. Som ny midlertidig varamedlem til Vestlandsrådet vert vald: Valet vert utsett.

Samandrag

Aleksander Øren Heen vart 28.10.2021 innvilga midlertidig fritak for sine verv i folkevalde organ. Fylkesdirektøren legg med dette til rette for val av setjemedlem der det er høve til dette, og val av ny medlem og midlertidig varamedlem i høvesvis arbeidsutval delegeringsreglement og Vestlandsrådet.

Rune Haugsdal
fylkesdirektør

Ingrid Kristine Holm Svendsen
avdelingsdirektør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

I fylkesutvalet sitt møte 28.10.2021 vart det i sak PS 208/21 fatta slikt vedtak:

«Aleksander Øren Heen (Sp) sin søknad om midlertidig fritak for verv i folkevalde organ vert innvilga. Fritaket gjeld frå 22. oktober 2021 og så lenge Øren Heen innehar stillinga som statssekretær i Klima- og miljødepartementet.»

Verva Øren Heen vart gjeve midlertidig fritak for var:

Fylkestinget: Medlem
Fylkesutvalet: Medlem
Finansutvalet: Medlem
Fylkesvalstyret: Medlem
Arbeidsutval delegeringsreglement: Medlem
Hovudutval for næring: Medlem
Valnemnda: Medlem
Vestlandsrådet: 1. varamedlem

Vedtakskompetanse

Fylkestinget gjer val av setjemedlem til folkevalde organ, jf. kommunelova § 7-10 (2).

Fylkestinget gjer val og suppleringsval av medlem og varamedlem til utval, jf. reglement for fylkestinget punkt 2.4.3.

Valnemnda gir innstilling i saker om val der avgjerda ligg til fylkestinget, jf. reglement for valnemnda punkt 2.

Vurderingar og verknader

Av kommunelova § 7-10 (2) følger:

«Hvis en folkevalgt i andre organer enn kommunestyret og fylkestinget er innvilget fritak i minst tre måneder, kan kommunestyret eller fylkestinget selv velge et setjemedlem for den perioden fritaket gjelder. Ved valg av et setjemedlem skal rekkefølgen på listen for varamedlemmer følges.»

Det er altså ikkje høve til å velje setjemedlem til fylkestinget. Her vil varamedlem bli kalla inn i tråd med kommunelova § 7-10 (1):

«Hvis medlemmer har forfall til et møte i et folkevalgt organ, innkalles varamedlemmer fra den gruppen der det er forfall. Varamedlemmer skal så langt som mulig innkalles i den nummerordenen de er valgt.»

Av kommunelova § 7-10 (2) følger at fylkestinget *kan* (men ikkje pliktar) velje setjemedlem til andre folkevalde organ. Det er innarbeidd praksis at fylkesdirektør legg til rette for val av setjemedlem.

Lova si ordning er at første varamedlem i respektive organ skal veljast i dei høva fylkestinget vel setjemedlem. Verv som setjemedlem vil gjelde så lenge Øren Heen har midlertidig fritak.

Val av setjemedlem til fylkesutvalet/finansutvalet/fylkesvalstyret

Fylkesdirektøren viser til eiga sak om søknad frå Jenny Følling om varig fritak frå vervet som første varamedlem i fylkesutvalet, finansutvalet og fylkesvalstyret og val av ny første varamedlem. Under føresetnad av fylkestinget si innvilging av slikt fritak, skal ny første varamedlem verte vald som setjemedlem.

Val av setjemedlem til hovudutval for næring

Første varamedlem på Senterpartiet si liste over varamedlem er Erlend Haugen Herstad.

Val av setjemedlem til valnemnda

Første varamedlem på Senterpartiet si liste over varamedlem er Jon Askeland.

Val av ny medlem til arbeidsutval delegeringsreglement

Arbeidsutval delegeringsreglement består av tre medlem, utan varamedlemsliste. Fylkesdirektøren vil rå til at fylkestinget nemner opp ein ny medlem i Øren Heen sitt fråvær. Fylkestinget står fri til å velje ny medlem, uavhengig av gruppe (parti).

Vestlandsrådet

Øren Heen har midlertidig fritak frå verv som første varamedlem på Senterpartiet sin varamedlemsliste. Senterpartiet har to attverande varamedlem (Følling og Brattabø Handegard).

Det er høve til å velje ein ny midlertidig varamedlem, jf. kommunelova § 7-10 (6):

«Hvis antallet varamedlemmer eller en gruppes varamedlemmer til formannskapet, fylkesutvalget eller et annet folkevalgt organ som er valgt av kommunestyret eller fylkestinget, er blitt for lavt, kan kommunestyret eller fylkestinget selv velge ett eller flere faste eller midlertidige varamedlemmer. Disse varamedlemmene skal velges fra den gruppen som har et for lavt antall varamedlemmer (suppleringsvalg).»

Dersom ein vel ny midlertidig varamedlem, skal denne nedst på varamedlemslista, jf. kommunelova § 7-10 (7).

Konklusjon

Fylkestinget gjer val i tråd med handlingsrommet presentert i saksframlegget.

Saksnr: 2019/11-103
Saksbehandlar: Signe Rauboti

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Valnemnda	25/21	08.12.2021
Valnemnda	37/21	13.12.2021
Fylkestinget	145/21	15.12.2021

Nominering eller val av medlemmer til ulike styre, nemnder, o.l.

Forslag til innstilling

1. Vestland fylkeskommune vel eller peikar ut følgjande personar til verva lista opp under:

KS-organ - Landstinget

Andre varadelegat (Sp):

Første varadelegat (V):

KS-organ - fylkesmøtet

Fast representant (Sp):

Første vararepresentant (V):

Første vararepresentant (Ap):

Fjerde vararepresentant (Ap):

Nordsjøkommisjonen - Marine ressursar

Medlem:

Regionalt planforum

Varaobservatør:

Stamvegutvalet for E16

Representant:

Stiftinga Vestlandsforskning

Styreleiar (ein av dei seks styremedlemene):

Nestleiar (i tilfelle eksisterande nestleiar vert vald til styreleiar):

Vegforum Rv15 - årsmøtet:

Representant:

Vararepresentant:

2. Vestland fylkeskommune nominerer følgjande personar til verva lista opp under for resten av fylkestingsperioden:

Beredt AS

Styremedlem:

Styreleiar (blant styremedlemene):

Bybanen AS

Varamedlem:

Det vestnorske teateret AS

Valnemndsmedlem:

Valnemndsleiar (blant dei eksisterande medlemene)

Jotunheimen og Utladalen nasjonalparkstyre

Varamedlem:

Rovviltnemnda region 1

Medlem:

Teater Vestland AS

Styremedlem:

Saksprotokoll i valnemnda - 08.12.2021

Silja Ekeland Bjørkly (H) reiste spørsmål kring eiga habilitet då ho er nestleiar i styret i stiftinga Vestlandsforskning. Utvalet vedtok samrøystes at ho var inhabil, jf. fvl. § 6 (1) bokstav e nr.1. Ekeland Bjørkly trådte frå ved behandling av saka.

Emil Gadolin (A) reiste spørsmål kring eiga habilitet då han har vore møtande varamedlem i styret i stiftinga Vestlandsforskning. Utvalet vedtok samrøystes at han var inhabil, jf. fvl. § 6 (2). Gadolin trådte frå ved behandling av saka.

Silja Ekeland Bjørkly (H) reiste spørsmål kring eiga habilitet då ho er medlem i styret i selskapet Bybanen AS. Utvalet vedtok samrøystes at ho var inhabil, jf. fvl. § 6 (1) bokstav e nr.2. Ekeland Bjørkly trådte frå ved behandling av saka.

Gruppene sette fram slike forslag under vedtakspunkt 1:

KS-organ - Landstinget

Andre varadelegat (Sp): Sigrid Brattabø Handegard

Første varadelegat (V): Geir Kjell Andersland

KS-organ - fylkesmøtet

Fast representant (Sp): Sigrid Brattabø Handegard

Første vararepresentant (V): Geir Kjell Andersland

Varaliste Arbeiderpartiet:

1. Nina Bognøy
2. Rasmus Laupsa Rasmussen
3. Per Jarle Valvatne
4. Senea Sabanovic
5. Kjell Gitton Håland
6. Katrine Johannessen

Nordsjøkommisjonen - Marine ressursar

Medlem: Rasmus Laupsa Rasmussen (A)

Regionalt planforum

Varaobservatør: Sigrid Brattabø Handegard (Sp)

Stamvegutvalet for E16

Representant: Samson Hamre (Sp)

Stiftinga Vestlandsforskning

Styreleiar (ein av dei seks styremedlemene): Silja Ekeland Bjørkly (H)

Ny fast styremedlem: Kristin Rundsvæen Bøtun (Sp) (opprykk frå varaplass)

Nestleiar: Kristin Rundsvæen Bøtun (Sp)

Vegforum Rv15 - årsmøtet:

Representant: Valet vert utsett.

Vararepresentant: Valet vert utsett.

Gruppene sette fram slike forslag under vedtakspunkt 2:

Beredt AS

Styremedlem: Sigbjørn Framnes (Frp)

Styreleiar (blant styremedlemene): Sigbjørn Framnes (Frp)

Bybanen AS

Varamedlem: Martine Jordana Baarholm (Frp)

Det vestnorske teateret AS

Valnemndsmedlem: Geir Kjell Andersland (Sp)

Valnemndsleiar (blant dei eksisterande medlemene): Geir Kjell Andersland (Sp)

Jotunheimen og Utladalen nasjonalparkstyre

Varamedlem: Ole Johnny Stubhaug (Sp)

Rovviltnemnda region 1

Medlem: Noralv Distad (H)

Ny varamedlem nedst på varalista: Sigurd Reksnes (Sp)

Teater Vestland AS

Styremedlem: Frank Willy Pedersen Djuvik (Frp)

Avrøysting

Forslaga vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget.

Innstilling til fylkestinget

1. Vestland fylkeskommune vel eller peikar ut følgjande personar til verva lista opp under:

KS-organ - Landstinget

Andre varadelegat (Sp): Sigrid Brattabø Handegard

Første varadelegat (V): Geir Kjell Andersland

KS-organ - fylkesmøtet

Fast representant (Sp): Sigrid Brattabø Handegard

Første vararepresentant (V): Geir Kjell Andersland

Varaliste Arbeiderpartiet:

1. Nina Bognøy
2. Rasmus Laupsa Rasmussen
3. Per Jarle Valvatne
4. Senea Sabanovic
5. Kjell Gitton Håland
6. Katrine Johannessen

Nordsjøkommisjonen - Marine ressursar

Medlem: Rasmus Laupsa Rasmussen (A)

Regionalt planforum

Varaobservatør: Sigrid Brattabø Handegard (Sp)

Stamvegutvalet for E16

Representant: Samson Hamre (Sp)

Stiftinga Vestlandsforskning

Styreleiar (ein av dei seks styremedlemene): Silja Ekeland Bjørkly (H)

Ny fast styremedlem: Kristin Rundsveen Bøtun (Sp) (opprykk frå varaplass)

Nestleiar: Kristin Rundsveen Bøtun (Sp)

Vegforum Rv15 - årsmøtet:

Representant: Valet vert utsett.

Vararepresentant: Valet vert utsett.

2. Vestland fylkeskommune nominerer følgjande personar til verva lista opp under for resten av fylkestingsperioden:

Beredt AS

Styremedlem: Sigbjørn Framnes (Frp)

Styreleiar (blant styremedlemene): Sigbjørn Framnes (Frp)

Bybanen AS

Varamedlem: Martine Jordana Baarholm (Frp)

Det vestnorske teateret AS

Valnemndsmedlem: Geir Kjell Andersland (Sp)

Valnemndsleiar (blant dei eksisterande medlemene): Geir Kjell Andersland (Sp)

Jotunheimen og Utladalen nasjonalparkstyre

Varamedlem: Ole Johnny Stubhaug (Sp)

Rovviltnemnda region 1

Medlem: Noralv Distad (H)

Ny varamedlem nedst på varalista: Sigurd Reksnes (Sp)

Teater Vestland AS

Styremedlem: Frank Willy Pedersen Djuvik (Frp)

Samandrag

Denne saka gjeld val eller nominering til diverse verv i organ utanfor fylkeskommunen. Dei fleste av vala er suppleringsval som følgje av at tidlegare valde medlemmer har fråtredd. I tillegg er det behov for å velje representant til Vegforum Rv15, som er ein pådrivarorganisasjon i skipingsfasen.

Rune Haugsdal
fylkesdirektør

Ingrid Kristine Holm Svendsen
avdelingsdirektør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Linda Monsen Merkesdal, Torbjørn Vereide og Alfred Bjørlo har fått fritak frå sine verv i folkevalde organ i Vestland fylkeskommune på grunn av deira nye verv som stortingsrepresentantar. Aleksander Øren Heen vart oppnemnd som statssekretær i Klima- og miljødepartementet 22.10.21, og har fått midlertidig fritak frå sine verv i folkevalde organ i fylkeskommunen.

Dei fire ovannemnde har ei rekkje verv i organ utanfor fylkeskommunen. I denne saka tilrettelegg fylkesdirektøren for at fylkestinget kan peike ut nye representantar til mange av desse verva.

Øren Heen har fått midlertidig fritak frå verva i fylkeskommunen. I samsvar med Heen sitt ønskje legg fylkesdirektøren opp til at han vert erstatta midlertidig også i eksterne organ der dette er råd å gjennomføre.

Den føreliggjande saka gjeld i tillegg nominering til styre og valnemnd i tre aksjeselskap fylkeskommunen er aksjonær i.

- Beredt AS: Helge Stormoen har trekt seg frå styret i Beredt AS etter at han har fått jobb som rekneskapsleiar i selskapet. Fylkestinget må derfor nominere ny styremedlem og ny styreleiar.
- Teater Vestland AS: Kristine Lie har fråtredd som styremedlem i Teater Vestland AS etter at ho fekk seg jobb hjå teateret sin revisor. Fylkeskommunen må derfor nominere ein ny styremedlem.
- Bybanen AS: Til styret i Bybanen AS har fylkeskommunen tidlegare nominert to menn som varamedlemer. Dette er i strid med kravet om at det i styre i selskap der fylkeskommunar/kommunar eig minst to tredjedeler av aksjane skal vere kjønnsbalanse også blant varamedlemene, jf. koml. § 21-1 jf. asl. § 20-6. Fylkestinget bør derfor nominere ein av varamedlemene på ny.

Etter at styresamansetjinga i Bybanen AS vart endra på generalforsamlinga våren 2021, er det heller ikkje kjønnsbalanse blant dei faste styremedlemene. Selskapet følgjer dette opp og har varsla selskapet sin valkomité om ubalansen.

Fylkeskommunen sine nominasjonar gjeld ut fylkestingsperioden, om ikkje anna er sagt.

Vedtakskompetanse

Fylkestinget, jf. reglement for fylkestinget punkt 2.4.6. Valnemnda gjev innstilling i saker om val der avgjerda ligg til fylkestinget, jf. reglement for valnemnda punkt 2.

Om dei ulike vala og utpeikingane

KS-organa Landstinget og Fylkesmøtet

Landstinget er KS sitt øvste organ og Fylkesmøtet er KS sitt øvste organ i fylket.

I KS sine vedtekter, revidert i 2020, § 3, står det at KS sine «tillitsvalde» skal representere medlemene. Tillitsvalde til Landstinget (delegatar) og fylkesmøte (representantar) frå fylkeskommunar skal veljast blant fylkestinget sine medlemer. Ein tillitsvald som i perioden fråtrer sitt verv som folkevald, fråtrer også vervet som tillitsvald i KS.

Linda Monsen Merkesdal, Thorbjørn Vereide og Alfred Bjørlo har fått fritak for sine verv i folkevalde organ ut fylkestingsperioden, og det er behov for å velje erstattarar for dei i Landstinget og Fylkesmøtet ut fireårsperioden.

Vereide har hatt vervet som første varamedlem, og Monsen Merkesdal har hatt vervet som fjerde varamedlem, for Arbeiderpartiet sine representantar i Fylkesmøtet.

Bjørlo har hatt verva som første varamedlem for Venstre sin delegat til Landstinget, og første varamedlem for Venstre sin representant i Fylkesmøtet.

Aleksander Øren Heen har fått midlertidig fritak frå sine verv i folkevalde organ, og det er behov for å velje midlertidig erstattar/ar for han i verva som fast representant for Senterpartiet til Fylkesmøtet og andre varadelegat for Senterpartiet i Landstinget for den perioden han har fritak.

Ved alle val til KS skal kvart kjønn vere representert med minst 40 % av medlemene. Det vil derfor vere tryggast å velje personar av same kjønn som dei ein erstattar.

Nordsjøkommisjonen - representantar i tematiske arbeidsgrupper

Fylkeskommunen er medlem av Conference of Peripheral Maritime Regions (CPMR) og Nordsjøkommisjon (NSC). Desse organisasjonane er europeiske interesse- og lobbyorganisasjonar. CPMR er ein paraplyorganisasjon der NSC er ein av 6 geografiske underkommisjonar. Medlemskap i CPMR er ein føresetnad for medlemskap i NSC.

NSC har fire tematiske arbeidsgrupper med politisk representasjon. Desse er 1) Transport, 2) Klima og energi, 3) Smarte regioner og 4) Marine ressursar.

Fylkestinget peikte i 2020 ut representantar for kvar av dei tematiske arbeidsgruppene for perioden 2020 - 2024:

Transport

Medlem: Tor Andre Ljosland

Vara: Trym Aafløy

Klima og energi

Medlem: Geir Kjell Andersland

Vara: Soukaina Legdani

Smarte regioner

Medlem: Silja Ekeland Bjørkly

Vara: Helge Stormoen

Marine ressursar

Medlem: Torbjørn Vereide

Vara: Sigrid Brattabø Handegard

I samband med at Torbjørn Vereide har fått fritak frå sine verv som folkevald i fylkeskommunen, er det behov for å peike ut ein ny representant i hans stad for resten av perioden.

Regionalt planforum - politisk observatør

I mandatet for regionalt planforum, vedteke 18.12.19, er føremålet skildra slik:

«Regionalt planforum er heimla i Plan- og bygningslova § 5-3. I regionalt planforum kan kommunar, fylkeskommunen og stat leggje fram planar etter Plan- og bygningsloven til drøfting for eit samla regionalt nivå. Planar som vert lagt fram bør ha sektorovergripande karakter. Planforum kan i tillegg ta opp planrelevante spørsmål som det sjølv finn tenleg. Planforum skal ikkje ta avgjerd eller mekle i plansaker.

Regionalt planforum skal bidra til:

- *Å klarleggje og samordne statlege, regionale og kommunale interesser i samband med arbeidet med statlege, regionale og kommunale planar.*
- *Å leggje til rette for gjensidig informasjon, drøfting og samstemt praksis.*
- *Å fremja meir føreseieleg og effektivt planarbeid*
- *Å fremja heilskapleg planlegging som verktøy for ei berekraftig samfunnsutvikling»*

Om deltaking i forumet står det i mandatet punkt 3:

« Det er ønska politisk representasjon frå kommune og fylkeskommune. Politisk deltakar frå

fylkeskommunen vil ha rolle som observatør. Mandatet inneber at fylkesutvalet, som planmynde, bestemmer seg for fast representant, med vara, til møta.»

Fylkeskommunen har tidlegare peikt ut Arve Helle som observatør og Aleksander Øren Heen som varaobservatør. Det er no behov for å peike ut ein varaobservatør frå fylkesutvalet for perioden Øren Heen har fritak.

Stamvegutvalget E16

Stamvegutvalget E16 arbeider som pådrivar mot overordna faglege og politiske styresmakter for ei raskast mogleg opprusting av E16 mellom Sandvika og Bergen til stamvegstandard.

Vestland fylkeskommune peikte i 2020 ut Aleksander Øren Heen som representant og Leif Fjellro som vararepresentant til Stamvegutvalet for E16 for valperioden 2020-2023.

Det er behov for å peike ut ein erstattar for Øren Heen i perioden han er statssekretær.

Stamvegutvalet ser gjerne at fylkeskommunane vel fylkesordførarane, eventuelt leiarane av samferdselsutval, til verva.

Stiftinga Vestlandsforskning

Vestlandsforskning utfører forskning- og utviklingsoppdrag for næringsliv og offentleg sektor, t.d. innan klima og miljø, reiseliv og teknologi og samfunn. Instituttet utfører tverrfagleg bruksretta forskning, og er på den regionale, nasjonale og internasjonale FoU-arenaen.

Vestland fylkeskommune har ansvaret for å velje seks av sju styremedlemer til styret i stiftinga, og seks varamedlemer i rekkefølgje. Den siste styremedlemer, med personleg vara, er vald av og blant dei tilsette. Styremedlemene si funksjonstid er fire år, og attval er mogleg éin gong.

Stiftinga har ei eiga valnemnd som innstiller kandidatar til vala fylkeskommunen skal gjere. Innstillinga vil vanlegvis fungere som grunngeving for fylkeskommunen sitt val, så framt fylkeskommunen vel i tråd med innstillinga.

Fylkeskommunen valde følgjande personar til styret i 2020:

Styremedlem (leiar): Aleksander Øren Heen
Styremedlem (nestleiar): Silja Ekeland Bjørkly
Styremedlem: Erik Kyrkjebø, Høgskulen på Vestlandet, Sogndal
Styremedlem: Arve Sandal, Førde
Styremedlem: Synnøve Aabrekk, Usus, Kristiansand
Styremedlem: Tone Fløtten, Oslo
Varamedlem 1: Emil Lennart Gadolin
Varamedlem 2: Kristin Rundsveen Bøtun, Sogndal
Varamedlem 3: Svein Ove Slinde, Sogndal
Varamedlem 4: Kathrin Jakobsen, Bergen
Varamedlem 5: Kristin Maurstad, Bryggja
Varamedlem 6: Iselin Marstrander

Aleksander Øren Heen har søkt midlertidig fritak frå vervet sitt, for den perioden han er statssekretær.

Etter lov om stiftingar § 28 har ein styremedlem rett til å fråtre før tenestetida er ute, så framt det føreligg særleg grunn. Når ein styremedlem fråtrer før tenestetida er ute, skal det veljast ny medlem, med unntak av der det finst varamedlem, slik som her. For den perioden Øren Heen trer ifrå, vil derfor første varamedlem, Emil Lennart Gadolin, gå inn som fast styremedlem. Dei andre fem varamedlemene rykker opp ein plass.

Fylkeskommunen har også ansvaret for å velje leiar og styreleiar.

Stiftinga sin valkomité innstiller Silja Ekeland Bjørkly som styreleiar, og Erik Kyrkjebø som nestleiar, i perioden Øren Heen fråtrer.

Vegforum Rv15

Vegforum Rv15 er ein pådrivarorganisasjon under skiping. Forumet sitt føremål er å vere pådrivar for ei «fullverdig» utbygging av Rv. 15 med ny tunnel Skåre-Breidalen og arm til Geiranger, samt oppgradering/rassikring på heile strekninga Måløy-Otta.

Vestland fylkeskommune vedtok deltaking 29.09.20, i FT 109/2020, med atterhald om at fylkeskommunane Innlandet og Møre og Romsdal gjorde det same. Dei to andre fylkeskommunane vedtok deltaking i september i år. Andre deltakarar kan vere kommunar i Nordfjord, Ottadalen og på Sunnmøre, ulike råd, NHO, LO og Lastebileigarforbundet.

Eit interimstyre har utarbeidd forslag til vedtekter for forumet. I forslaget er det lagt opp til at det skal vere politisk representasjon i forumet, og fylkeskommunane er kvar bedt om å peike ut ein representant og ein vararepresentant til deltakarorganet. Utpeikingsperioden følgjer kommunestyre-/fylkestingsperioden.

Om nomineringane:

Beredt AS - styret

Selskapet si verksemd er å skape grunnlag for arbeidsmarknadsrelatert sysselsetting.

Styret har fem medlemmer og fire varamedlemmer. Fylkeskommunen føreslår tre styremedlemmer og to varamedlemmer. Dei to siste, med varamedlemmer, er tilsettevalde.

Styresamansetjinga har fram til nyleg vore slik:

Styremedlemmer:

Helge Stormoen (leiar)
Karianne Torvanger
Vigdis Anita Gåskjenn
Randi Engevik Mikkelsen (tilsetterepr.)
Arvid Teigland (tilsetterepr.)

Varamedlemmer:

Rafael Cobo og Jana Midelfart Hoff

For tilsettereprerentant Mikkelsen:
Herman Folgerø og Thor Frotveit

For tilsettereprerentant Teigland:
Cathrine Holsen og Johannes S. Kjølås

Helge Stormoen har trekt seg som styremedlem og styreleiar i Beredt AS, etter at han har fått jobb som rekneskapsleiar i selskapet.

Fylkeskommunen må derfor nominere ny styremedlem og deretter ny styreleiar blant styremedlemene. Den nye styremedlemmen må, av omsyn til kjønnsbalansen i styret, vere ein mann.

Vigdis Anita Gåskjenn fungerer som styreleiar fram til generalforsamlinga får vald ny styreleiar.

Bybanen AS - styret

Selskapet sitt føremål er å forvalte og drifte infrastrukturen for «Bybanen», m.a. også «Bybanens» skinnegåande materiell. Selskapet har fagansvar for tryggleik, bane, elektro, signal/tele og skinnegåande materiell for Bybanen i tråd med dei til ei kvar tid gjeldande lover og forskrifter.

Styret skal ha sju medlemmer, seks valde av generalforsamlinga og ein tilsettevald med vara. Fylkeskommunen innstiller to styremedlemmer med vara. Selskapet sin valkomité innstiller dei fire andre. Valperioden for varamedlemmer innstilt av fylkeskommunen er eitt år.

Fylkeskommunen har tidlegare nominert to varamedlemmer som er valde inn i styret. Dette er Christian Haugen og Rasmus Laupsa Rasmussen.

Kravet om kjønnsbalanse i styre i selskap der fylkeskommunar/kommunar eig minst to tredjedeler av aksjane, gjeld også mellom varamedlemene, jf. koml. § 21-1 jf. asl. § 20-6, så Haugen eller Rasmussen må erstattast med ei kvinne.

Det formelle valet av ny varamedlem vil mest truleg finna stad på ordinær generalforsamling våren 2022.

Det Vestnorske Teateret AS - valnemnda

Det Vestnorske Teateret har til føremål å drive profesjonell og allsidig teaterverksemd i Vestland. Teateret skal ha eit særleg ansvar for å skape framsyningar for barn og unge. Teateret skal først og fremst spele på nynorsk og dialekt. Teateret skal arbeide for å få fram ny dramatik.

Selskapet skal ha ei valnemnd med fire medlemmer, der to vert oppnemnd av Vestland Fylkeskommune, ein vert oppnemnd av andre luteigarar og ein vert oppnemnd av dei tilsette. Vestland Fylkeskommune oppnemner leiaren. Funksjonstida for medlemene er tre år.

Fylkeskommunen har tidlegare oppnemnt Aleksander Øren Heen og Silja Ekeland Bjørkly som valnemdsmedlemmer. Øren Heen er leiar av nemnda.

I samband med at Øren Heen har søkt midlertidig fritak frå verv fylkeskommunen har oppnemnt eller innstilt han til i perioden han er statssekretær, må fylkeskommunen oppnemne ein ny valnemdsmedlem. Fylkeskommunen må også oppnemne ny leiar, blant dei fire valnemdsmedlemene.

Valnemnda er i dag samansett slik:

Aleksander Øren Heen (leiar, VLFK)
 Silja Ekeland Bjørkly (VLFK)
 Ingvild Kivijärvi Hals (andre eigarar)
 Evy Fischer (tilsettere)

Teater Vestland AS

Føremålet med selskapet er å drive teaterverksemd i området som tidlegare var kjent som Sogn og Fjordane fylke. Teateret kan også spele i andre regionar som ledd i utvekslingsprogram med andre teater. Teateret skal nytte nynorsk målform eller nynorske målføre. Teateret går inn som ein naturleg del av fylket sitt samla kulturtilbod, og skal søkje å fremje amatørteaterarbeidet i fylket.

Styret skal ha fem medlemmer. Av desse skal tre veljast etter framlegg frå fylkeskommunen, ein frå Sunnfjord kommune og ein frå dei fast tilsette. For styremedlemmer valde etter forslag frå fylkeskommunen og dei tilsette, skal det veljast varamedlemmer i rekkjefølgje. Styremedlemmen frå kommunen har personleg varamedlem. Medlemene si funksjonstid er fire år med unntak for representanten for dei tilsette som vert vald for to år.

Fylkeskommunen nominerte styremedlemmer og varamedlemmer til styret i Teater Vestland AS i 2020. Ein av styremedlemene fylkeskommunen har nominert, Kristine Lie, har fråtredd vervet, som følgje av at ho har fått seg jobb hjå teateret sin revisor. Det er derfor behov for å nominere éin ny styremedlem.

Styret har i dag følgjande samansetjing:

Styremedlemmer 2020-2024:

Rasmus Mo (leiar, VLFK)
 Jenny Følling (nestleiar)
 Senea Sabanovic (VLFK)
 ... (VLFK)
 Krystian Myska (repr. for dei tilsette)

Varamedlemmer i rekkjefølgje 2020-2024:

Frå VLFK:
 1) Hanne Bergliot Oftedal
 2) Lise May Sæle
 3) Bjørn Harald Haugsvær

Frå Sunnfjord kommune:

Åsmund Berthelsen

Frå Teater Vestland:

1) Idun Losnegård
 2) Karoline Solbakken
 3) Lene Grande

Førre gong fylkeskommunen nominerte styremedlemmer til selskapet, vart ikkje spørsmålet om kjønnsbalanse avklart med den andre forslagsstillaren, Sunnfjord kommune. Styret har derfor ikkje vore samansett i tråd med reglane om kjønnsrepresentasjon i styre for denne typen selskap, jf. koml. § 21-1 jf. asl. § 20-6. Kjønnsbalanse mellom tilsettevalde styremedlemmer skal vurderast for

seg, og det vil derfor ikkje påverke kjønnsbalansen mellom dei eigarvalde styremedlemene at den tilsettevalde medlemen er ein mann.

Fylkeskommunen bør derfor nominere ein mann i Kristine Lie sin stad.

Jotunheimen og Utladalen nasjonalparkstyre

For nasjonalparker, andre store verneområde og samanhengande verneområde skal forvaltning skje gjennom eit interkommunalt nasjonalparkstyre eller verneområdestyre. Styra skal syte for ei heilskapleg samla forvaltning av verneområda på tvers av administrative grenser innafor ramma av naturmangfaldlova og verneforskrifta. Informasjon om Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen finst her: <https://www.nasjonalparkstyre.no/Jotunheimen>

Nasjonalparkstyret skal ha sju medlemmer med personlege varamedlemmer som møter når den faste medlemen har forfall. Styret vert oppnemnd av Miljødirektoratet etter innstilling frå kommunane i området og fylkestinga i Innlandet og Vestland. Kvar fylkeskommune skal vere representert med ein medlem, og innstiller ei kvinne og ein mann blant fylkestinget sine medlemmer.

Fylkeskommunen innstilte følgjande kandidatar til nasjonalparkstyret i 2019:

Kandidat 1: Aleksander Øren Heen (Sp)

Kandidat 2: Trude Brosvik (KrF)

Miljødirektoratet oppnemnde deretter Brosvik som medlem og Øren Heen som varamedlem for perioden 2020-2023.

Fylkestinget skal innstille ein erstattar for Heen. Miljødirektoratet er innstilt på å oppnemne erstattaren midlertidig i den tida Heen er statssekretær, slik Heen sjølv ønskjer.

For at det skal vere lovleg kjønnsbalanse mellom vararepresentantane må fylkestinget innstille ein mann, jf. likestillings- og diskrimineringslova § 28.

Rovviltnemnda for Region 1

Dei åtte regionale rovviltnemndene har hovudansvaret for forvaltninga av rovvilt innanfor sin region. Nemndene er underlagde Klima - og miljødepartementet (KLD) si instruksjons- og organisasjonsmynde. Rovviltnemnda for Region 1 omfattar frå 01.01.20 Vestland, Rogaland og Agder fylker.

Klima- og miljødepartementet oppnemner medlemmer til nemnda etter forslag frå fylkestinga i rovviltregionen. Nemnda skal ha fem faste medlemmer og fem varamedlemmer. Av desse skal tre faste medlemmer og tre varamedlemmer kome frå Vestland fylkeskommune. Stortinget si inndeling i rovviltregionar knytter seg til den tidlegare fylkesinndelinga, og det er derfor presisert i merknadane til rovviltforskrifta § 5 at to av nemndsmedlemene Vestland fylkeskommune føreslår, skal høyre til i tidlegare Sogn og Fjordane fylke.

Medlemmer av rovviltnemnda skal ha fast plass i fylkestinget og fylkesutvalet.

Den 17.12.19 nominerte fylkeskommunen følgjande kandidatar til nemnda:

Medlemskandidatar: Aleksander Øren Heen (Sp), Trude Brosvik (KrF) og Sigbjørn Framnes (Frp)

Varamedlemskandidatar: Noralv Distad (H), Natalia Golis (MDG) og Arve Helle (Ap)

Desse vart seinare oppnemnd av KLD som nemndsmedlemmer.

Fylkestinget skal no nominere ein erstattar for Aleksander Øren Heen. Erstattaren skal ha fast plass i fylkestinget og fylkesutvalet, og høyre til i tidlegare Sogn og Fjordane fylke.

Fylkeskommunen må nominere ein mann for at det skal vere lovleg kjønnsbalanse mellom dei faste medlemene av nemnda, jf. likestillings- og diskrimineringslova § 28.

Skriftleg grunngjeving

For nokre av verva er grunngjevinga for valet eller nomineringa av ein person at vedkomande er medlem av fylkestinget og/eller fylkesutvalet. I slike tilfelle er det ikkje nødvendig å grunngje valet ytterlegare.

I andre tilfelle, typisk ved nominering til styre i aksjeselskap, har fylkeskommunen som eigar ansvar for at styra er samansett med rett kompetanse. Det kan vere kompetanse innan styrearbeid, kjennskap til eller erfaring frå typen selskapsverksemd, økonomisk og/eller juridisk kompetanse, kjennskap til politikk og samfunn, osb. I slike tilfelle er det viktig at det føreligg ei skriftleg grunngjeving for fylkeskommunen sine val eller nominasjonar av personar til verv.

Vurderingar og verknader

Økonomi: Ikkje direkte relevant.

Klima: Ikkje direkte relevant.

Folkehelse: Ikkje direkte relevant.

Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi): Ikkje direkte relevant.

Konklusjon

Fylkesdirektøren tilrår fylkestinget å velje og nominere i tråd med føresetnadane som er gjort greie for i saksutgreiinga.

Saksnr: 2021/54477-2
Saksbehandlar: Per Willy Mørk Karlsen

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Valnemnda	26/21	08.12.2021
Valnemnda	38/21	13.12.2021
Fylkestinget	146/21	15.12.2021

Val av styret til Fagskulen Vestland

Forslag til innstilling

Styret for fagskulen Vestland skal ha ni styremedlemar

- Fire folkevalde representantar
- To representantar frå arbeids- og næringsliv
- Ein administrativ eigarrepresentant
- Ein representant frå dei tilsette
- Ein representant frå studentane

Fylkestinget gjer slike val av folkevalde medlemar og varamedlemar til styret etter innstilling frå valnemnda:

Medlemar til styret (eigarrepresentantar):

- 1.
- 2.
- 3.
- 4.

Varamedlemar til styret (eigarrepresentantar):

- 1.
- 2.

Fylkestinget vel etter innstilling frå valnemnda leiar og nestleiar i styret

Leiar:

Nestleiar:

Fylkestinget gjer slike val av medlemar og varamedlemar til styret som representantar frå regionalt arbeids- og næringsliv.

Fylkestinget gjev fylkesdirektør fullmakt å oppnemna to medlemar og ein varamedlem etter framlegg frå høvesvis NHO og LO som representantar for regionalt arbeids- og næringsliv

Fylkestinget gjer slike val av medlem og varamedlem til styret som administrativ eigarrepresentant

- Medlem administrativ eigarrepresentant: Bård Sandal, avdelingsdirektør innovasjon og næringsutvikling
- Varamedlem administrativ eigarrepresentant: Kathrin Jakobsen, seksjonssjef forskning, kompetanse og internasjonalisering

Saksprotokoll i Valnemnda - 08.12.2021

Gruppene sette fram slikt forslag:

Fylkestinget gjer slike val av folkevalde medlemar og varamedlemar til styret etter innstilling frå valnemnda:

Medlem og varamedlem til styret (eigarrepresentantar):

Medlem	Varamedlem
1. Emil Gadolin (A)	Marianne Sæle (SV)
2. Sigurd Reksnes (Sp)	Aleksander Fosse Andersen (Sp)
3. Rosalind Fosse (Frp)	Lise-May Sæle (H)
4. Sonja Merethe Øvre-Flo (H)	Jan Rune Fossheim (FNB)

Fylkestinget vel etter innstilling frå valnemnda leiar og nestleiar i styret

Leiar: Emil Gadolin (A)

Nestleiar: Sigurd Reksnes (Sp)

Fylkestinget gjer slike val av medlemar og varamedlemar til styret som representantar frå regionalt arbeids- og næringsliv.

Fylkestinget gjev fylkesdirektør fullmakt å oppnemna to medlemar og ein varamedlem etter framlegg frå høvesvis NHO og LO som representantar for regionalt arbeids- og næringsliv

Fylkestinget gjer slike val av medlem og varamedlem til styret som administrativ eigarrepresentant

- Medlem administrativ eigarrepresentant: Bård Sandal, avdelingsdirektør innovasjon og næringsutvikling
- Varamedlem administrativ eigarrepresentant: Kathrin Jakobsen, seksjonssjef forskning, kompetanse og internasjonalisering

Avrøysting

Forslaget vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget.

Innstilling til fylkestinget

Fylkestinget gjer slike val av folkevalde medlemar og varamedlemar til styret etter innstilling frå valnemnda:

Medlem og varamedlem til styret (eigarrepresentantar):

Medlem	Varamedlem
1. Emil Gadolin (A)	Marianne Sæle (SV)
2. Sigurd Reksnes (Sp)	Aleksander Fosse Andersen (Sp)
3. Rosalind Fosse (Frp)	Lise-May Sæle (H)
4. Sonja Merethe Øvre-Flo (H)	Jan Rune Fossheim (FNB)

Fylkestinget vel etter innstilling frå valnemnda leiar og nestleiar i styret

Leiar: Emil Gadolin (A)

Nestleiar: Sigurd Reksnes (Sp)

Fylkestinget gjer slike val av medlemar og varamedlemar til styret som representantar frå regionalt arbeids- og næringsliv.

Fylkestinget gjev fylkesdirektør fullmakt å oppnemna to medlemar og ein varamedlem etter framlegg frå høvesvis NHO og LO som representantar for regionalt arbeids- og næringsliv

Fylkestinget gjer slike val av medlem og varamedlem til styret som administrativ eigarrepresentant

- Medlem administrativ eigarrepresentant: Bård Sandal, avdelingsdirektør innovasjon og næringsutvikling
- Varamedlem administrativ eigarrepresentant: Kathrin Jakobsen, seksjonssjef forskning, kompetanse og internasjonalisering

Samandrag

I denne saka vert det gjort framlegg til val av styret for Fagskulen Vestland. Fylkesdirektøren vil peika på dei positive erfaringane ein har hatt med samansetninga av prosjektstyret for arbeidet med å slå saman Fagskulen i Sogn og Fjordane og Fagskolen i Hordaland. Fylkesdirektøren vil rå til at styret for den nye Fagskulen Vestland får tilsvarande samansetning, i tråd med innstillinga i saka om eigarstyring av fagskulen Vestland og delegasjonsreglement, jf sak 2021/18979-1

Rune Haugsdal
fylkesdirektør

Bjørn Lyngedal
avdelingsdirektør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

- I samband med samanslåinga av dei to vestlandsfylka vart det behov for å utforma felles styrevedtekter for dei to fylkeskommunale fagskulane, Fagskulen i Sogn og Fjordane og Fagskolen i Hordaland. Fylkestinget i Vestland fatta vedtak om slike vedtekter på sitt møte, 17.12.2019, jf saksnr 2019/150-2, PS 43/2019.
I premissane for saka vart det elles vist til Delprosjekt 1.8, Fagskule, som var del av arbeidet med den nye fylkeskommunen, der det vart tilrådd å slå dei to fagskulane saman til ein offentleg fagskule. I utgreiinga frå delprosjektet heiter det ma at ei samanslåing av fagskulane ville gje fylkeskommunen ei meir heilskapleg forvaltarrolle og dermed grunnlag for å utvikla kvalitet og kompetanse i eit nytt fagskuletilbod for heile fylket.
- Fylkestinget gjorde samrøystes vedtak om samanslåing av dei to skulane på møtet, 09. - 10.06.2020. «Fagskulen i Vestland» vart nytta som namn på prosjektarbeidet fram mot den nye skulen, jf saksnr 2020/36638-2, PS 70/2020.
- Fylkestinget vedtok så mandat for dette arbeidet og oppretta eit eige prosjektstyre på 9 medlemar, jf møte i fylkestinget, 29.09.20, saksnr 2020/36638-3, PS 110/2020.
- Fylkesutvalet tinga ei eiga sak om eigarstyring av Fagskulen Vestland på sitt møte, 09.02.2021, jf fylkesutvalet PS 22/2021. Denne saka er no til politisk handsaming og kjem til fylkestinget, 15.12.2021. Saka fremmar fylkeskommunal eigarstyring gjennom 3 ulike institutt: oppnemning av styret for fagskulen, fastsetjing av vedtekter og budsjett,- og målstyring gjennom den regionale kompetansepolitikken, jf saksnr 2021/18979-1.

Dei formelle krava til styret for fagskulen

Lov om høgere yrkesfaglig utdanning, § 10, Styrets sammensetning, slår fast at fagskulen skal ha eit styre på minst sju medlemar:

- To medlemar skal ha bakgrunn frå relevant arbeids- eller næringsliv
- Minst ein medlem skal vere valt av og blant dei tilsette
- Minst ein medlem skal vere valt av og blant studentane
- Det skal veljast personlege varamedlemar for medlemane som er valt av dei tilsette og studentane
- Det skal vere minst ein varamedlem for medlemane frå arbeids- eller næringsliv, og minst ein varamedlem for dei andre medlemane

Prosjektstyret som har leia arbeidet med å slå saman Fagskulen i Sogn og Fjordane og Fagskolen i Hordaland

Prosjektstyret for arbeidet med å slå saman dei to fagskulane har bestått av ni medlemar

- Fire folkevalde eigarrepresentantar med personlege varamedlemar
- To arbeidslivsrepresentantar med ein varamedlem
- Ein administrativ eigarrepresentant med ein personleg varamedlem
- Ein studentrepresentant med ein personleg varamedlem
- Ein tilsettere representant med ein personleg varamedlem

I saka om samansetting av prosjektstyret til fylkestinget, fekk fylkesdirektøren i fullmakt til å oppnemna ein medlem og ein varamedlem som administrativ eigarrepresentantar og to medlemmar med ein varamedlem som representantar for regionalt arbeidsliv, jf sak i fylkestinget PS 110/2020, saksnr 2020/36638-3.

Administrativ eigarrepresentant har vore avdelingsdirektør innovasjon og næringsutvikling. Dei to representantane frå regionalt arbeids- og næringsliv er utnemnt frå høvesvis NHO og LO.

Sak om eigarstyring av Fagskulen Vestland og delegasjonsreglement

Saka om eigarstyring av den nye fagskulen omfattar ma eit framlegg til delegasjonsreglement med vedtekter for samansetting og oppnemning av fagskulestyret, jf sak 2021/18979-1. Ein vidarefører her same struktur med ni styremedlemar som ein har hatt i prosjektstyret. Framlegget er i samsvar med fagskulelovas § 10 om samansetting av styra for fagskulen.

Framlegget til styrevedtekter i saka lyder, jf §1-2 Samansetning og oppnemning av styret 4. ledd

Styret for Fagskulen Vestland skal ha følgjande samansetning:

- a. Fire representantar frå det regionale folkevalde nivået, der ein representant vert valt frå hovudutval for opplæring og kompetanse, og ein representant frå hovudutval for næring, og med to varamedlemar*
- b. Ein representant frå fylkesadministrasjonen med ein varamedlem etter framlegg frå fylkesdirektøren*
- c. To representantar frå relevant arbeids- og næringsliv med ein varamedlem etter framlegg frå fylkesdirektøren.*
- d. Ein representant frå dei tilsette ved fagskulen med ein personleg vara valt av dei tilsette ved fagskulen*
- e. Ein representant frå studentane ved fagskulen med ein personleg vara valt av studentane ved fagskulen*

Om val og funksjonstid heiter det, jf §1-2 Samansetning og oppnemning av styret 2. ledd jf sak 2021/18979-1

Fylkestinget vel leiar og nestleiar, eigarrepresentantar og arbeids- eller næringslivsrepresentantar. Eigarrepresentantar vert valt for fire år, og arbeids- eller næringslivsrepresentantar vert valt for to år med moglegheit for forlenging av fylkesutvalet. Jf. fagskulelova § 10, vert tilsett- og studentrepresentant valt av og blant tilsette og studentar. Tilsettrepresentant vert valt for to år, og studentrepresentant vert valt for eitt år. Styremedlemar kan veljast igjen.

Vedtakskompetanse

Fylkeskommunen er skuleeigar av den fylkeskommunale fagskulen og oppnemner styret for skulen og elles vedtek budsjett og vedtekter for skulen i høve til reglement for folkevalde organ og delegering.

Vurderingar og verknader

Økonomi:

Ingen direkte effekt

Klima:

Auka kompetanseutvikling ved samanslåing av dei to fylkeskommunale fagskulane vil gje Vestland den største teknisk industrielle fagskulen i landet som vil stå sentralt i arbeidet for ei berekraftig regional næringsutvikling

Folkehelse:

Ingen direkte effekt

Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi):

Regional planstrategi: Fylkeskommunen si satsing på høgare yrkesfagleg utdanning i Vestland vil vera eit sentralt element i den regionale kompetansepolitikken

Konklusjon

Fylkesdirektøren vil peika på at erfaringane frå arbeidet i det noverande prosjektstyret har vore positive med omsyn både til breidda i representasjon og til storleik av styret. Sjølv om styreoppgåvene vil vera ulike frå prosjekt til drift, vurderer ein denne samansetninga av styret som tenleg for vidare utvikling og drift av den nye fagskulen.

Fylkesdirektøren vil soleis foreslå at Fagskulen Vestland får ei styresamansetning med til saman ni styremedlemar i samsvar med framlegget til delegasjonsreglement med vedtekter i Sak om eigarstyring av Fagskulen Vestland og delegasjonsreglement, jf Styrevedtekter, §1-2 Samansetning og oppnemning av styret, vedlagt nemnde sak, jf sak 2021/18979-1.

Saksnr: 2021/54774-1
Saksbehandlar: Birthe Andersen Haugen

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Valnemnda	27/21	08.12.2021
Valnemnda	39/21	13.12.2021
Fylkestinget	147/21	15.12.2021

Fylkeskommunale representantar i styra ved dei frittstående vidaregåande skular

Forslag til innstilling

1. Frå 01.01.21 til 01.01.23 vert følgjande oppnemnt som fylkeskommunal representant i styra ved dei frittstående vidaregåande skulane i Vestland fylke:

Skule	Representant
Danielsen vidaregåande skole og Danielsen intensivgymnas	
Krokeide vidaregåande skole:	
Rudolf Steinerskolen i Bergen:	
Framnes Kristine vidaregåande skule	
Metis Akademiet Bergen	
Bergen Private Gymnas	
Sonans Bergen	
Kongshaug musikkgympnas:	
Hop vidaregåande skole:	
St. Paul gymnas:	
Steinerskolen på Skjold	
Synga vidaregåande skule	

Saksprotokoll i valnemnda - 08.12.2021

Jeanette Onarheim Syversen (R) sette fram slikt forslag:

«Fylkestinget velger en politisk representant som observatør i styrene for frittstående skoler.»

Natalia Golis (MDG) sette fram slikt forslag:

«1. Fylkestinget gjev fylkesdirektør fullmakt til å nemne opp administrative observatører til dei frittstående vidaregåande skulane.

2. Fylkestinget ber om det blir lagt fram referatsak minst 2 gonger i året.»

Avrøysting

Onarheim Syversen sitt forslag fekk 1 røyst (R) og fall.
Golis sitt forslag punkt 1 vart vedteke mot 1 røyst (R).
Golis sitt forslag punkt 2 vart samrøystes vedteke.

Innstilling til fylkestinget

1. Fylkestinget gjev fylkesdirektør fullmakt til å nemne opp administrative observatører til dei frittstående vidaregåande skulane.
2. Fylkestinget ber om det blir lagt fram referatsak minst 2 gonger i året.

Samandrag

Fylkeskommunen sin rett til å vere representert i styra ved dei frittstående skulane er heimla i friskulelova § 5-1 a. Ein representant oppnemnd av vertsfylket er gjeven rett til å vere til stades på møte i styret, til å seie meininga si og få denne tilført protokollen.

Styret sine oppgåver er regulert i friskulelova § 5-2.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Bjørn Lyngedal
avdelingsdirektør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Fylkeskommunen sin rett til å vere representert i styra ved dei frie skulane er heimla i lov om frittståande skular (friskulelova) § 5-1 a).

«Rett til å vere til stades på møte i styret, til å seie meininga si og få denne tilført protokollen, har:

- a) ein representant oppnemnd av vertskommunen når det gjeld ein grunnskole, ein representant oppnemnd av fylkeskommunen når det gjeld ein vidaregåande skole»

Styret sine oppgåver er regulert i friskulelova § 5-2.

«Styret har den øvste leiinga av skolen og skal sjå til at skolen blir driven i samsvar med gjeldande lover og forskrifter.

Styret skal:

- a) sjå til at elevar i opplæringspliktig alder som blir tekne inn ved skolen, får oppfylt retten til grunnskoleopplæring, og melde frå til foreldra og heimkommunen til elevar som over lengre tid ikkje møter fram til undervisninga utan lovleg grunn,
- b) fastsetje storleiken på skolepengane,
- c) vedta budsjett og rekneskap for skolen,
- d) fastsetje inntaks- og ordensreglement for skolen,
- e) fremje saker om skolebyte etter opplæringslova § 9 A-12, jf. § 2-4 andre ledd i denne lova og bortvising etter § 3-10 andre ledd i denne lova,
- f) ha ansvar for at skolen har ei forsvarleg økonomi- og rekneskapsforvaltning,
- g) sjå til at offentlege tilskot og skolepengar kjem elevane til gode,
- h) sjå til at offentlege krav og føresetnader for verksemda blir oppfylte.
- i) sørge for å ha rett og nødvendig kompetanse i verksemda. Styret skal sørge for at lærarar, dagleg leiar og andre tilsette i skolen får høve til å utvikle seg fagleg og pedagogisk så dei kan vere på høgd med utviklinga i skolen og samfunnet.
- j) tilsetje dagleg leiar.
- k) drøfte den årlege rapporten om tilstanden i skolen som er utarbeidd etter § 5-2b.

I andre saker enn dei som følgjer av andre ledd, kan styret med 2/3 fleirtal delegere avgjerdsretten.»

Framnes Kristne vidaregåande skule

Framnes tilbyr utdanningsprogramma studiespesialisering og idrettsfag. Skulen ligg i Kvam kommune. Framnes Kristne vidaregåande skule har internat. Skulen er godkjend etter friskulelova §2-1a) og skal drive verksemda si på religiøst grunnlag.

Steinerskolen i Bergen

Steinerskolen sitt vidaregåande trinn gjev studiekompetanse på lik linje med studiespesialisering. Skulen ligg på Storetveit i Bergen. Rudolf Steinerskolen i Bergen driv verksemda på grunnlag av ei anerkjent pedagogisk retning, jf. friskulelova § 2.1 b).

Danielsen videregående skole

Danielsen videregående skole tilbyr utdanningsprogramma studiespesialisering og helse- og oppvekstfag. Ein kan også ta påbygg til generell studiekompetanse ved skulen. Skulen er godkjend etter friskulelova § 2- 1a) og skal drive verksemda si på religiøst grunnlag. Skulen held til i Bergen sentrum.

Danielsen intensivgymnas

Danielsen Intensivgymnas er godkjend etter friskulelova, som gir skulen eksamensrett. Skulen tilbyr kurs der elevane får standpunktarakter.

Krokeide videregående skole

Krokeide videregående skole ligg i Fana ca 2,5 mil frå Bergen sentrum. Skulen tilbyr yrkesretta vidaregåande opplæring for personar med fysiske eller psykiske funksjonsutfordringar eller lærevanskar. Skulen har tilbod innan sal, service og reiseliv, elektro og datateknologi,

informasjonsteknologi og medieproduksjon og påbygg til generell studiekompetanse. Skulen er godkjend etter friskulelova § 2.1 f).

Metis Akademiet Bergen

Skulen tilbyr følgjande utdanningsprogram: Studiespesialisering, medier og kommunikasjon, sal, service og reiseliv, påbygging til generell studiekompetanse og studiespesialisering med toppidrett. Skulen har lokale i Bergen sentrum. Skulen er godkjend etter friskulelova.

Bergen Private Gymnas

Skulen tilbyr utdanningsprogramma media og kommunikasjon, musikk, dans og drama og studiespesialisering. Skulen har lokale i Bergen sentrum. Skulen er godkjend etter friskulelova.

Akademiet vgs Bergen

Skulen tilbyr utdanningsprogrammet studiespesialisering. Skulen har lokale i Bergen sentrum. Skulen er godkjend etter friskulelova.

Kongshaug Musikkgymnas

Kongshaug Musikkgymnas har utdanningstilbod i musikk under utdanningsprogrammet musikk, dans, drama. Skulen har internat. Skulen held til på Lepsøy i Bjørnefjorden kommune. Skulen er godkjend etter friskulelova.

Hop videregående skole

Hop videregående skole på Askøy utanfor Bergen, tilbyr utdanningsprogramma teknikk og industriell produksjon, helse- og oppvekstfag, frisør, blomst, interiør og utstillingsdesign, informasjonsteknologi og medieproduksjon. Skulen er godkjent etter friskulelova § 2.1 a).

St. Paul gymnas

St Paul gymnas tilbyr studiespesialiserande utdanningsprogram, idrettsfag og påbygg til generell studiekompetanse. Skulen held til i Bergen sentrum. Skulen er godkjent etter friskulelova § 2-1a)

Steinerskolen på Skjold

Skuletilbodet er for ungdom som av ulike grunnar ikkje finn seg til rette eller kan gjere seg nytte av det tradisjonelle videregående opplæringstilbodet. Alle elevane har individuell opplæringsplan. Skulen er godkjent etter friskulelova § 2-1b). Skulen held til på Skjold i Bergen.

Sygna vidaregåande skule

Skulen tilbyr utdanningsprogramma studiespesialisering, kunst design og arkitektur, idrettsfag, helse- og oppvekstfag samt påbygg til generell studiekompetanse. Sygna vgs har internat. Skulen held til i Balestand i Sogndal kommune. Skulen er godkjend etter friskulelova.

I nordfylket var tidlegare praksis slik at fylkeskommunen ikkje hadde ein fast representant i styret i friskulen. Fylkesadministrasjonen fekk tilsendt sakslister og referat og kunne stille på møte dersom det var naudsynt.

I sørfylket har praksisen dei siste åra vore at hovudutvalet (OPPKO) har hatt fullmakt til å oppnemne fylkeskommunale representantar til styra i dei frittstående skulane. Det er tilsette i fylkesadministrasjonen som har hatt oppgåva.

I Vestland fylkeskommune er det gitt uttrykk for at ein ønskjer politikarar som fylkeskommunale representantar i styra.

Vedtakskompetanse

Det er fylkestinget som har fullmakt til å oppnemne fylkeskommunale representantar til styra i frittstående skular som er godkjende etter friskulelova §2-1 bokstavane a-i (vidaregåande skular).

Vurderingar og verknader

Økonomi:

Ingen kjende verknader

Klima:

Ikkje relevant

Folkehelse:

Ikkje relevant

Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi):

Ikkje relevant

Konklusjon

Frå 01.01.21 vert det oppnemnd politikarar som fylkeskommunale representantar i styra ved dei frittstående vidaregåande skulane i Vestland fylke.

Saksnr: 2019/11-125
Saksbehandlar: Signe Rauboti

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Valnemnda	28/21	08.12.2021
Valnemnda	40/21	13.12.2021
Fylkestinget	148/21	15.12.2021

Kandidatinnspel til styret i Innovasjon Norge

Forslag til innstilling

Vestland fylkeskommune spelar inn følgjande som kandidatar til styret i Innovasjon Norge:

Kandidat:
Kandidat:

Saksprotokoll i valnemnda - 08.12.2021

Natalia Golis (MDG) sette fram slikt forslag:

«Vestland fylkeskommune spelar inn følgjande som kandidatar til styret i Innovasjon Norge:

Kandidat: Arvid Andenæs
Kandidat: Valet vert utsett.»

Avrøysting

Golis sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak/Innstilling til fylkestinget

Vestland fylkeskommune spelar inn følgjande som kandidatar til styret i Innovasjon Norge:

Kandidat: Arvid Andenæs
Kandidat: Valet vert utsett.

Samandrag

Valkomiteen i Innovasjon Norge ber eigarane om innspel til kandidatar til styret i samband med styrevalet på føretaksmøtet våren 2022. Kvar fylkeskommune skal spele inn to kandidatar, ein av kvart kjønn. Fristen for å kome med innspel er 20.12.21.

Rune Haugsdal
fylkesdirektør

Ingrid Kristine Holm Svendsen
avdelingsdirektør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Valkomiteen i Innovasjon Norge ber eigarane om innspel til kandidatar til styret i samband med styrevalet på føretaksmøtet våren 2022. Kvar fylkeskommune skal spele inn to kandidatar, ein av kvart kjønn. Fristen for å kome med innspel er 20.12.21.

Styret i Innovasjon Norge er i dag samansett slik:

Gunnar Bovim (leiar), Jøran Ødegård Lunde (nestleiar), Heine Østby, Merete Nygaard Kristiansen, Jan Løking, Arvid Andenæs, Helene Falch Fladmark, Kristin Misund, Kristine Falkgård, Håkon Øverland Nyhus (tilsettevald) og Karin Ammerud Sørensen (tilsettevald).

Dei har alle funksjonstid fram til føretaksmøtet i 2022. Arvid Andenæs har vore medlem av styret sidan 2016 etter å ha blitt føreslege av Sogn og Fjordane fylkeskommune.

I valkomiteen sit Ingelise Arntsen (leiar), Gunn Marit Helgesen og Cathrine Meland.

Vedtakskompetanse

Fylkestinget, jf. reglement for fylkestinget punkt 2.4.6. Valnemnda gjev innstilling i saker om val der avgjerda ligg til fylkestinget, jf. reglement for valnemnda punkt 2.

Innovasjon Norge sine uttrykte kompetansebehov

Ifølgje Innovasjon Norge sine retningslinjer for valkomiteen, skal valkomiteen jobbe for at styret har ein kompetanse, ein kapasitet og ei samansetjing som gjer dei i stand til å ivareta sine oppgåver på best mogleg måte. Retningslinjene seier vidare at valkomiteen bør legge vekt på geografisk, kulturelt og sosialt mangfald, og ei god alderssamansetjing.

I brevet til eigarane skriv valkomiteen følgjande:

«I tråd med retningslinjene, er valgkomiteen opptatt av at styret skal besitte god og bred kunnskap om norske bedrifters utfordringer og muligheter. Foreslåtte kandidaters kompetanse vil være av vesentlig betydning for valgkomiteen. Det legges vekt på næringslivserfaring, kunnskap om eller erfaring fra etablering av ny virksomhet og internasjonalisering, samt utvikling av næringslivsmiljøer, som partnerskap og klynger. Videre legges vekt på god finansiell kompetanse, inkludert kredittkompetanse. Ytterligere vektlegges bred samfunnsforståelse, herunder god forståelse av Innovasjon Norges samfunnsoppdrag og politiske prosesser.»

På bakgrunn av samtalar med gjeldande styre og administrerande direktør, vil valkomiteen sjå særleg etter følgjande kompetanse i den komande innstillingsprosessen:

- internasjonal erfaring frå eksportretta næringsliv, gjerne frå kommersialisering og utvikling av marknadsmoglegheiter
- erfaring som sparringspartner eller leiar for verksemdar som har vore gjennom vekst og oppskalering
- innsikt i og forståing for (lokale og nasjonale) politiske prosessar og Innovasjon Norge sitt samfunnsoppdrag og rolle i verkemiddelapparatet
- engasjement for store samfunnsutfordringar, grøen omstilling og innsikt i relevante industriar
- operativ leiarefaring frå større, komplekse organisasjonar, særleg knytt til organisasjonsutvikling og omstillingsprosessar

Valkomiteen er særleg på utkikk etter yngre representantar innanfor nemnde kunnskapsområde, og kandidatar som vil bidra til å auke det kulturelle mangfaldet.

Vurderingar og verknader

Økonomi: Ikkje direkte relevant.

Klima: Ikkje direkte relevant.

Folkehelse: Ikkje direkte relevant.

Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi): Ikkje direkte relevant.

Konklusjon

Fylkesdirektøren råder fylkestinget til å kome med innspel i tråd med det valkomiteen i Innovasjon Norge etterspør.

Saksnr: 2021/49935-7
Saksbehandlar: Petter Lem Gullestad

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Valnemnda	29/21	08.12.2021
Valnemnda	41/21	13.12.2021
Fylkestinget	149/21	15.12.2021

Søknad om fritak for verv som varamedlem i fylkestinget - Torill Frøise (R)

Forslag til innstilling

1. Torill Frøise vert innvilga varig fritak for sitt verv som varamedlem i fylkestinget.

Saksprotokoll i valnemnda - 08.12.2021**Avrøysting**

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

Innstilling til fylkestinget

1. Torill Frøise vert innvilga varig fritak for sitt verv som varamedlem i fylkestinget.

Samandrag

Torill Frøise (R) har søkt om varig fritak for sitt verv som femte varamedlem i fylkestinget. Grunngevinga for søknaden er at hennar stilling i Redd Barna ikkje let seg kombinere med partipolitiske verv. Fylkesdirektøren finn at vilkåret for fritak er oppfylt, og rår til at søknaden vert innvilga.

Rune Haugsdal
fylkesdirektør

Ingrid Kristine Holm Svendsen
avdelingsdirektør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

I møte 22.06.2021 i fylkesvalstyret, vart Torill Frøise vald som ny femte varamedlem for Raudt til fylkestinget.

Frøise har ved e-post datert 17.11.2021 sendt inn slik søknad:

«Eg fekk vite at eg har rykka opp til varaplass i fylkestinget, men pga jobben min i Redd Barna kan eg ikkje ha eit partipolitisk verv. Eg søker difor fritak.»

Frøise har i telefonsamtale opplyst om at ho fekk stillinga i oktober 2019. Frøise har opplyst om at ho søker om varig fritak. Frøise har opplyst om at hennar stilling inneber bred kontakt mot politikarar, og at ho i stillinga ikkje kan ha partipolitiske verv.

Vedtakskompetanse

Fylkestinget avgjer fritakssøknader, jf. kommunelova § 7-9 (2). Valnemnda gir innstilling i saker som gjeld fritakssøknader, jf. reglement for valnemnda punkt 2.

Fylkesdirektøren sine vurderingar

Av kommunelova § 7-9 (2) følger:

«Hvis en folkevalgt ikke kan ivareta vervet sitt uten at det fører til vesentlig ulempe for han eller henne, kan kommunestyret eller fylkestinget etter søknad frita den folkevalgte for vervet midlertidig eller for resten av valgperioden. Når søknaden vurderes, skal det legges vekt på om grunnlaget for søknaden var kjent på det tidspunktet da den folkevalgte samtykket i å bli valgt.»

Fylkesdirektøren legg Frøise si beskriving av at ho i si stilling ikkje kan ha partipolitiske verv til grunn. Fylkesdirektør slår fast at Frøise ikkje var kjend med grunngjevinga for søknaden då ho samtykka i å stille på Raudt sine lister til fylkestingsvalet 2019.

Fylkesdirektøren finn at det vil vere vesentleg til ulempe for Frøise om fritak ikkje vert gjeve, og at vilkåret for fritak difor er oppfylt.

Fylkesdirektøren gjer merksam på at det ikkje er noko automatikk i val av eventuell ny varamedlem til fylkestinget. Fylkesdirektøren vil i byrjinga av 2022 gå gjennom varamedlemslistene i fylkestinget, og vurdere trongen for val av nye varamedlem. Sak vil eventuelt bli lagd fram for fylkesvalstyret som rette vedtaksmynde.

Konklusjon

Vilkåret for fritak er oppfylt. Fylkestinget innvilgar Frøise sin søknad om varig fritak for vervet som varamedlem i fylkestinget.

Saksnr: 2021/49935-8
Saksbehandlar: Petter Lem Gullestad

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Valnemnda	30/21	08.12.2021
Valnemnda	42/21	13.12.2021
Fylkestinget	150/21	15.12.2021

Val av nye elev- og lærlingrepresentantar til yrkesopplæringsnemnda

Forslag til innstilling

1. Som ny elevrepresentant til yrkesopplæringsnemnda vert vald:
2. Som varamedlem for elevrepresentant vert vald:
3. Som ny lærlingrepresentant til yrkesopplæringsnemnda vert vald:
4. Som varamedlem for lærlingrepresentant vert vald:

Saksprotokoll i valnemnda - 08.12.2021

Natalia Golis (MDG) sette fram slikt forslag:

«Saka vert utsett.»

Avrøysting

Golis sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Saka vert utsett.

Samandrag

Elevrepresentant m/varamedlem og lærlingrepresentant m/varamedlem vert vald for 2 år, jf. reglement for yrkesopplæringsnemnda. Funksjonstida for noverande medlem og varamedlem går no ut, og fylkesdirektør legg med dette til rette for val av nye representantar m/varamedlem.

Rune Haugsdal
fylkesdirektør

Ingrid Kristine Holm Svendsen
avdelingsdirektør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Funksjonstida for elev- og lærlingrepresentantar m/varamedlem i yrkesopplæringsnemnda er 2 år. Funksjonstida for noverande representantar går straks ut, og det er trong for å velje nye representantar.

Vedtakskompetanse

Fylkestinget gjer val av medlem og varamedlem til særlovsorgan, jf. reglement for fylkestinget punkt 2.4.5.

Valnemnda gir innstilling i saker om val som ligg til fylkestinget, jf. reglement for valnemnda punkt 2.

Fylkesdirektøren sine vurderingar

Av reglement for yrkesopplæringsnemnda følger at det blant medlemene skal vere ein elevrepresentant og ein lærlingrepresentant, oppnemnd etter forslag frå organisasjonar eller organ som representerer desse. Det følger vidare av reglementet at elevrepresentant og lærlingrepresentant blir oppnemnde for to år om gongen, og at representantane skal ha varamedlem.

Dette inneber at det skal gjerast følgjande val:

Elevrepresentant (for 2 år):

Varamedlem (for 2 år):

Lærlingrepresentant (for 2 år):

Varamedlem (for 2 år):

Administrasjonen har i e-post til Elevorganisasjonen i Vestland bede om forslag til elevrepresentant m/varamedlem.

Administrasjonen har i e-post til LO Vestland bede om forslag til lærlingrepresentant m/varamedlem.

Administrasjonen vil leggje fram mottekne forslag for valnemnda/fylkestinget når desse ligg føre.

Konklusjon

Fylkestinget gjer val av nye elev- og lærlingrepresentantar m/varamedlem.

Saksnr: 2021/49935-12
Saksbehandlar: Petter Lem Gullestad

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Valnemnda	43/21	13.12.2021
Fylkestinget	143/21	15.12.2021

Søknad om fritak frå verv som varamedlem i valnemnda - Jon Askeland (Sp)

Forslag til vedtak

1. Jon Askeland vert innvilga varig fritak frå sitt verv som første varamedlem i valnemnda.
2. Som ny første varamedlem frå Senterpartiet til valnemnda vert vald:

Samandrag

Jon Askeland (Sp) har søkt om fritak frå sitt verv som første varamedlem i valnemnda. Søknaden er grunngjeve med ei krevjande kombinasjon av ordførarvervet og arbeid i valnemnda tett opp mot fylkesting. I tillegg er framheva eit ønske om at gruppeleiar i Sp skal representere partiet i valnemnda. Fylkesdirektøren finn at vilkåret for fritak er oppfylt.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen
avdelingsdirektør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Jon Askeland (Sp) har i e-post datert 2. desember 2021 sendt slik søknad:

«Eg søker med dette om varig fritak som første varamedlem til valnemnda for Senterpartiet.

Søknaden vert grunnngjeven i tråd med kommunelova §7-9(2).»

Administrasjonen bad i e-post datert 6. desember 2021 om ytterlegare opplysningar om grunnngjevinga for søknaden. I e-post av same dag skriv Askeland:

«Eg søker med dette om fritak frå vervet som første varamedlem til valnemnda i same periode som Aleksander Øren Heen er innvilga fritak frå fylkestinget.

Søknaden er grunnngitt i kommunelova, og momenta eg argumenterer med er at det er ein krevjande kombinasjon med fylkesordførarvervet tidsmessig, då valnemnda oftast er tett innpå starten av fylkestinget, og då har eg samstundes detaljert møteplanleggjing. Det andre argumentet, som er viktigast, er at eg ynskjer at gruppeleiaren til SP representerer SP i valnemnda også i fortsetjinga. Det er gruppeleiaren som ivaretek partiet sine interesser i valnemnda, medan fylkesordførar er tillitsvald for heile fylkestinget.»

Vedtakskompetanse

Fylkestinget avgjer fritakssøknader, jf. kommunelova § 7-9 (2). Fylkestinget gjer val og suppleringsval av medlemmer og varamedlemmer til folkevalde organ, jf. reglement for fylkestinget punkt 2.4.3.

Valnemnda gir innstilling i saker som gjeld fritakssøknader, jf. reglement for valnemnda punkt 2. Valnemnda gir innstilling i saker om val der avgjerda om valet ligg til fylkestinget, jf. reglement for valnemnda punkt 2.

Fylkesdirektøren sine vurderingar

Av kommunelova § 7-9 (2) følger:

«Hvis en folkevalgt ikke kan ivareta vervet sitt uten at det fører til vesentlig ulempe for han eller henne, kan kommunestyret eller fylkestinget etter søknad frita den folkevalgte for vervet midlertidig eller for resten av valgperioden. Når søknaden vurderes, skal det legges vekt på om grunnlaget for søknaden var kjent på det tidspunktet da den folkevalgte samtykket i å bli valgt.»

Av førearbeida Prop. 46 L (2017-2018) følger mellom anna:

«...
Det er først og fremst søkerens arbeidsforhold, sykdom og andre sterke velferdsgrunner bestemmelsen fortsatt vil sikte til. Også begrepet vesentlig ulempe vil være skjønsmessig, og det vil måtte gjøres en konkret vurdering i det enkelte tilfellet. Ulempen må være for den folkevalgte, det er ikke tilstrekkelig at arbeidsgiver opplever at vervet er en ulempe.

Departementet støtter også utvalgets forslag om at det skal legges vekt på om grunnlaget for søknaden om fritak var kjent på det tidspunktet den folkevalgte samtykket i å bli valgt.
...»

Ved fylkesutvalet sitt vedtak 28. oktober 2021 vart Aleksander Øren Heen (Sp) mellom anna innvilga midlertidig fritak for sitt verv som medlem i valnemnda. Dette inneber at Askeland vil verte kalla inn som første varamedlem til kvart møte i valnemnda. Møteplikta i kommunelova § 8-1 gjeld for medlem so vel som varamedlem, sjølv sagt med opning for gyldig forfall. Fylkesdirektøren viser til at Askeland har grunnngjeve søknaden med ei krevjande kombinasjon av fylkesordførarvervet

saman med arbeid i valnemnda oftast tett opp mot fylkesting. Fylkesdirektøren viser samstundes til at omstenda som grunngev søknaden ikkje var kjende for Askeland då val av medlem og varamedlem til valnemnda vart føreteke. Fylkesdirektøren finn at det vil vere vesentleg til ulempe for Askeland om fritak ikkje vert gjeve, og at vilkåret for fritak difor er oppfylt.

Kva gjeld momentet om ønske om at gruppeleiaren skal representere Senterpartiet i valnemnda, vil fylkesdirektøren poengtere at føresegnene om fritak *tek omsyn til den folkevalde sjølv*. Partiinteresser eller andre interesser er soleis i utgangspunktet ikkje relevante, sjølv om ein kan tenke seg interessesamanfall med omsynet til den folkevalde sjølv.

Val av ny første varamedlem frå Senterpartiet til valnemnda

Av kommunelova § 7-10 (4) følger:

«Hvis et medlem eller varamedlem av et annet folkevalgt organ enn kommunestyre, fylkesting, kommunestyrekomité eller fylkestingskomité trer endelig ut, skal det velges et nytt medlem eller varamedlem. Det nye medlemmet skal velges fra den samme gruppen som det uttredende medlemmet tilhørte. Hvis dette vil føre til at ett kjønn vil bli representert med mindre enn 40 prosent av medlemmene i organet, skal det, hvis det er mulig, velges et nytt medlem fra det underrepresenterte kjønnnet.»

Av kommunelova § 7-10 (7) følger:

«Ved nyvalg etter fjerde ledd og suppleringsvalg etter sjette ledd kan gruppen selv foreslå hvem som skal velges. Gruppen informerer deretter kommunestyret, formannskapet, fylkestinget eller fylkesutvalget, som velger den foreslåtte kandidaten hvis de lovbestemte vilkårene er oppfylt. Ved nyvalg etter fjerde ledd rykker det nye medlemmet eller varamedlemmet inn på den ledige plassen.»

Av dette følger at gruppa (Senterpartiet) foreslår ny varamedlem til ledig plass som første varamedlem. I søknaden frå Askeland er signalisert ønske om at gruppeleiar (Sigrid Brattabø Handegard) skal representere partiet. Dersom ho vert vald, vert det ledig verv som andre varamedlem.

Fylkesdirektøren gjer merksam på at han i eiga sak har lagt til rette for val av setjemedlem i mellom anna valnemnda. Sak om val av setjemedlem vart skrive før administrasjonen mottok søknad om fritak frå Askeland. Den som i saka her vert vald som første varamedlem, vil verte vald som setjemedlem (under føresetnad av at fylkestinget vel slik setjemedlem).

Varig eller midlertidig fritak

Lova si ordning med val av setjemedlem er at første varamedlem vert vald. I og med eiga sak om val av setjemedlem og at søknaden i saka her og signaliserer eit slikt ønske, er det fylkesdirektør sin vurdering at føresetnaden er at Askeland trer *varig* ut frå sitt verv som første varamedlem. Eit midlertidig fritak vil etter fylkesdirektør sin vurdering vere ei omgåing av ordninga lovgjevar har føreskrive for val av setjemedlem. Rettstilstanden her er ikkje sikker, men fylkesdirektøren rår til at det vert gjeve varig fritak.

Fylkesdirektøren gjer til sist merksam på at fylkesordførar har møte- tale- og forslagsrett i alle folkevalde organ (med unntak av kontrollutvalet der han berre har møte- og talerett), jf. kommunelova § 6-1 (3).

Konklusjon

Vilkåret for fritak er oppfylt, og fylkesdirektøren rår til at fritak vert gjeve. Fylkesdirektøren rår til at det vert gjeve varig fritak. Fylkestinget vel ny første varamedlem til valnemnda etter forslag frå Senterpartiet.